

Innkalling
av
Ungdomsrådet

Møtedato: 02.05.2022
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 09:15 - 13:30

Eventuelle forfall må meldast til Rita Ludvigsen per tlf. 45376315, sms til eller per epost til rita.ludvigsen@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Saksliste:

- 005/2022 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 006/2022 Godkjenning av møtebok
- 007/2022 Vidare prosess med mogeleg nasjonalpark i Masfjorden (og Alver) kommune v/ Sveinung Toft
- 008/2022 Referatsak
Årsmelding 2021
Orientering frå Ungdomskontakten Salto
Orientering frå politikontakt
Tilbakemelding frå deltakarar på Fylkesting
- 009/2022 Endra frammøtemønster 1.-4.klasse på skulane i Masfjorden

27. april 2022

Anna Sofija Rudzite
møteleiar

Rita Ludvigsen
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Camilla Hjelmeland		22/396

Saknr	Utval	Type	Dato
005/2022	Ungdomsrådet	PS	02.05.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Camilla Hjelmeland		22/396

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2022	Ungdomsrådet	PS	02.05.2022

Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-K90	21/50

Saknr	Utval	Type	Dato
047/2022	Formannskapet	PS	29.04.2022
	Kommunestyret	PS	
007/2022	Ungdomsrådet	PS	02.05.2022

Vidare prosess med mogeleg nasjonalpark i Masfjorden (og Alver) kommune

Journalposttittel	Dato
Oppdrag om bevaring av verdifull natur i kategori nasjonalpark	18.02.2022
Bevaring av verdifull natur, faglig vurdering av foreslåtte områder i kategori nasjonalpark	08.04.2021
Bevaring av verdifull natur - nasjonalparker	08.04.2021
Faglig vurdering av mulige nye nasjonalparkområder	18.01.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til å gjennomføre ein vidare prosess for etablering/ vurdering av nasjonalpark i Masfjordfjella. Arbeidet skal skje i dialog med Alver kommune, Statsforvaltaren i Vestland, grunneigarar og interesseorganisasjonar.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Klima- og miljødepartementet (KLD) gav i brev 19.09.2018 Miljødirektoratet oppdrag å føreslå områder som skal vurderast i vidare arbeid med supplerande vern. Oppdraget var oppfølging av Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald. Miljødirektoratet starta arbeid med ein fagleg vurdering om det er område som kan vere aktuelle som nye nasjonalparker. Det kunne vere utviding av eksisterande nasjonalparker, endring av landskapsvernområde til nasjonalpark, eller oppretting av nye nasjonalparker. Eit fjellområde (sjå kartutsnitt nede i teksten) i Alver og Masfjorden kommunar vart tilrådd å gå vidare med som ny nasjonalpark.

I rapporten «Bevaring av verdifull natur, anbefalingar og vurderingar av foreslåtte områder i kategori Nasjonalpark» står det: «Kommuner: Masfjorden, Alver

Vegetasjonssone: Nordboreal. Areal (foreløpig beregning): 129 km²

Det foreslåtte området utgjør et stort naturområde uten tekniske inngrep og der det verna Eikemovassdraget inngår. Området har en svært viktig landskapsøkologisk funksjon som kjerneområde for naturmangfold. Det er aktive støler i drift i området som også har en viktig kulturhistorie. Området inngår i Nordhordland biosfæreområde. Det er ikke gjennomført systematisk naturtype – eller artskartlegging i området slik at kunnskapen om naturmangfold er noe mangelfull. Det er likevel registrert 10 truede arter i området, bl a bergirisk (NT), sivspurv (NT), ullbakkestjerne (NT) og høyfjellsveronika (NT). Berggrunnen er dominert av ulike former for gneis som gir lite plantenæringsstoff og derfor grunnlag for nøysom og artsfattig vegetasjon. Av rovfugler er kongeørn registrert med fast tilhold.

Bergen og Hordaland Turlag har ei selvbetjent hytte og godt merkede turstier i området. Store deler av området er registrert som svært viktig friluftsområde.

Andre interesser: Landbruk, friluftsliv

Trusler: Arealendringer

Mest aktuell verneform: Landskapsvernområde, nasjonalpark

Verneverdi: Stor

Miljødirektoratets vurdering: Området vil utvide vernet areal i en region med relativt liten vernedekning i dag og vil bidra til et mer robust nettverk. Området inneholder høydegradienter fra 300 til 600 m.o.h.

Forslaget bør videre utredes gjennom en verneplanprosess hvor en også bør se på mulige utvidelser mot Osterfjorden, noe som vil øke høydegradientene vesentlig, eventuelt i kombinasjon med frivillig vern av skog.»



Kart over område, med den blå lina som er foreslått som Nasjonalpark.

Vurdering

Det var ei orientering ved Statsforvaltar i Masfjorden kommunestyre den 24. februar om saka, etter at oppdragsbrevet tidlegare vart oversendt, sjå vedlegg. Det er ein premisse at verneprosessen skal skje i samarbeid med kommune, interesseorganisasjonar og grunneigarar. Statsforvaltar har behov for ei formell avklaring om Masfjorden kommune ønskjer å vere med å førebu og gjennomføre vidare prosess for nasjonalpark-vern i fjellområda som er vist i kartet. Dersom kommunestyre ønskjer å gå vidare med dette arbeidet, vil kommunen vidare i prosessen ha eit nært samarbeid med Statsforvaltaren i Vestland med fleire. Grunneigarane og andre interesseorganisasjonar skal og ha høve til reell medverknad i prosessen.

Vern av eventuell privateigd skog i samband med eventuelt nytt vern av område til nasjonalpark, må skje gjennom frivillig skogvern. Arbeidet vert styrt etter Rundskriv T-2/15, Saksbehandlingsregler ved områdevern etter naturmangfaldlova, frå Klima og miljødepartementet.

Konklusjon

Rådmannen rår til at Masfjorden kommune sluttar seg til å gjennomføre ein prosess for etablering/ vurdering av nasjonalpark i Masfjordfjella. Arbeidet skal skje i dialog med Alver kommune, Statsforvaltaren i Vestland, grunneigarar og interesseorganisasjonar.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Camilla Hjelmeland		22/396

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2022	Ungdomsrådet	PS	02.05.2022

Referatsak

1. Årsmelding 2021 pr 190422

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Fra: Mary Hope <Mary.Hope@masfjorden.kommune.no>

Sendt: 19.04.2022 13:10:12

Til: Svein Helge Hofslundsengen <Svein.Helge.Hofslundsengen@masfjorden.kommune.no>

Emne: Årsmelding 2021 pr 190422

Med helsing

Mary Hope

rådgevar

.....

Masfjorden kommune, Austfjordvegen 2724, 5981 Masfjordnes

Direkte: 56 16 62 34, Sentralbord: 56 16 62 00

E-post: mary.hope@masfjorden.kommune.no

Heimeside: <http://www.masfjorden.kommune.no>

Masfjorden
kommune



Årsmelding
2021



Året 2021 vart og dominert av pandemien, og som framleis går over heile verda. For å sikre oss best mogeleg mot smittespreiing av viruset, har alle tilsette i kommunen vore i beredskap på ulikt vis, og mange har også i 2021 måtta endra på både arbeidsvanar og rutinar.

Heldigvis byrja vaksineprogrammet tidleg i 2021, og for å få dette til på ein god måte, har helseavdelinga gjort ein framifrå innsats, med mellom anna massevaksinring i alle krinsane våre. Og med god smittesporing, testar og isolering har dei og klart å avgrensa koronautbrota på ein god måte.

Mange andre tilsette har gjort ein god innsats på andre tenestoområde, ei spesiell takk til dei som har teke vare på dei eldre på sjukeheimen og i heimetenestene, og til dei av dykk som har halde opp alle tilboda til born og unge i barnehagane og på skulane våre. **De har alle gjort ein framifrå innsats!**

Det er to positive hendingar eg vil framheve i Masfjorden kommune i 2021.

Det eine er at det endeleg vart lys i Hostelandtunnelen. Eit etterlengta prosjekt for mange av oss! Det andre er at omsorgsbustadane på Hosteland vart tekne i bruk våren 2021, slik at mange endeleg fekk flytta inn i eigne bustader!

I haust gjekk straumprisane sterkt opp, og for dei fleste var dette svært negativt. For vår kommune, som sit med mykje konsesjonskraft, har dette likevel sikra oss ein økonomisk handlefridom, som vil tena innbyggjarane på ein god måte i tida framover. Spesielt viktig har det vore for meg og kommunestyret, å satsa på denne satsinga på sikt, vil medføra at fleire kjem og byggjer seg nye bustader i åra som kjem, slik at folketalet kan oppretthaldast eller aukast!

På vegne av kommunestyret vil eg takka alle dei som gjer Masfjorden kommune til ein flott stad å bu og leva i!

Karsten Totland
ordfører

Årsmelding og rekneskap for Masfjorden kommune 2021 vert med dette lagt fram til politisk handsaming. Årsmeldinga ser ein på som ein viktig del av den informasjon kommunen skal gje til innbyggjarane. Eg vonar årsmeldinga gjev nyttig og heilskapleg informasjon om kommunen vår.

Korona-pandemien gav store driftsmessige utfordringar med dei strenge nasjonale føringane og tiltaka i 2021. Helsepersonell, tilsette i barnehage, skule og kulturskulen har vist stor omstillingsevne og jobba godt for å halda tenestene oppe i denne tida. Masfjorden kommune har hatt lite smitte i 2021. Ein er budd på at pandemien vil ta tid, og at det vil føre til stor slitasje og press på dei tilsette, og brukarane.

Driftsrekneskapen for Masfjorden kommune 2021 kom ut med eit "rekneskapsmessig overskot" på omlag 2 mill.kr. og eit historisk høgt positivt netto driftsresultat på litt over 36,4 mill.kr., som utgjer 13% av driftsinntektene. Målet om å nå tilrådd nasjonalt nivå netto driftsresultat på 1,75% er dermed klart med god margin.

Med tanke på vanskar med budsjettarbeidet for 2021, hausten 2020, så har økonomien utvikla seg særst positivt for kommunen. Det har endra seg frå historisk låge kraftprisar i 2020 til historisk høge prisar i 2021. Dette er ei viktig delårsak til det gode resultatet, men og ei rekkje andre årsaker bidrar til resultatet inkl. finansavkastning på 6,2 mill.kr. tilføring av midlar havbruksfond med 3,1 mill.kr., ekstra statstilskot og god skatteinngang og inntektsføring på premieavvik med 5,3 mill.kr.

Investeringane i 2021 var heller små, med sum investeringsutgifter på knappe 9,3 mill.kr. Det er lagt opp til mindre investeringar i økonomiplan 2021-24, etter at investeringsnivået var på eit historisk høgt nivå i 2020, med samla investeringar på nær 100 mill.kr.

Masfjordsambandet og folketalsauke er dei to viktigaste måla som er sett ned gjennom kommuneplanen. I 2021 har det skjedd lite



nytt for realisering av Masfjordsambandet, samt at folketalet har gått ned.

Kommunen er aktiv med medverknad/tilrettelegging av nye bustadfelt for at folketalet skal auka. Dette er både utfordrande og krevjande. Kommunen prøver å medverka til å få realisert dette m.a. gjennom kommunal delfinansiering og utbygging for ein del av desse tiltaka. Det er oppretta eige fond for bustadrealisering, som pr. utgangen av 2021 var på 20 mill.kr.

Resultatet i 2021 gjev rom for auka satsing på vedlikehald (bygg, vassverk, trafikksikringstiltak), som har vore påpeikt frå fleire hald. Det er samla sett av 6,3 mill.kr. til fond til dette føremålet i 2021 til disposisjon i 2022 eller åra framover.

Utfordringa framover vert å gjere tilpassingar/strukturendringar på driftsnivå slik at ein maktar å oppretthalde god totaløkonomi pga. investeringane og kraftig auke i lånegjelda i 2020.

Mykje og god innsats vert lagt ned kvar einaste dag i Masfjorden kommune av tilsette og frivillige, lag og organisasjonar.

Det er den jamne innsatsen frå den einskilde, som driv kommunen framover og som er ein sentral faktor for at innbyggjarane i Masfjorden skal kunne trivast og ha det godt.


Svein Helge Hoflundsen
rådmann

DRIFTSREKNESEKAPEN

Masfjorden kommune sin rekneskap for 2021 syner eit netto driftsoverskot på 36,4 mill., og utgjør 13,0 % av driftsinntektene i året.

Etter årsavslutningsdisposisjonar syner rekneskapen eit mindreforbruk på 2,0 mill., som er avsett til disposisjonsfond i tråd med forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar. I høve 2020 er driftsoverskotet større både i kroner og prosent.

Netto driftsresultat, som er eit av dei viktigaste nøkkeltala i kommunerekneskapen, er i 2021 eit overskot på 36,4 mill. (13,0 % av årets driftsinntekter). Resultatindikatoren viser kva kommunen sit igjen med av driftsinntekter når alle løypande driftsutgifter, inklusiv renter og avdrag, er betalt. Basert på berekningar utført av Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) bør ein kommuneøkonomi i balanse ha eit netto driftsoverskot på minimum 1,75 % av driftsinntektene over tid. Eit slikt driftsnivå vil gje rom for avsetjingar til framtidig bruk, og til å finansiera deler av framtidige investeringar, slik at behovet for låneopptak er redusert. Med høgare eigenfinansiering av nye investeringar, vil gjeldsveksten ikkje leggja for store bindingar på kommunen sitt framtidige handlingsrom.



Netto driftsoverskotet i rekneskapsåret omfattar fleire postar som har lite med den løypande drifta å gjere:

- Urealisert gevinst finansplasseringar på 6,2 mill.
- Utbytte og lågare rente på 2,1 mill.
- Meirinntekt konsesjonskraftsal på 6,7 mill.
- Ubrukte øymerka midlar på 1,0 mill.
- Meirinntekt ressurskrevjande tenester frå 2020 på 3,5 mill.
- Mindreutgift pensjon på 2,4 mill.
- Ekstra rammeoverføringar (korona og ressurskrevjande) på 2,9 mill.

Korrigert for desse forholda (24,8 mill.) skulle netto driftsresultat i 2021 ha vært på 12,0 mill., som utgjør 4,5 % av driftsinntektene.

Økonomisk oversikt drift (tal i tusen) Budsjett- og rekneskapsforskrift §5-4	Rekneskap 2021	Justert budsjett 2021	Opph. budsjett 2021
Rammetilskot	-84 118	-82 878	-78 746
Inntekts- og formueskatt	-51 164	-49 391	-47 691
Eigedomsskatt	-27 298	-27 298	-25 632
Andre generelle skatteinntekter	-15 376	-14 700	-14 700
Andre overføringar og tilskot frå staten	-4 651	-4 413	-1 750
Overføringar og tilskot frå andre	-58 131	-45 422	-38 143
Brukarbetalingar	-13 521	-12 540	-12 666
Sals- og leigeinntekter	-26 532	-18 375	-15 325
Sum driftsinntekter	-280 790	-255 017	-234 647
Lønsutgifter	138 854	134 066	130 906
Sosiale utgifter	29 461	31 456	30 856
Kjøp av varer og tenester	54 365	48 813	48 045
Overføringar og tilskot til andre	20 776	18 673	17 059
Avskrivningar	9 953	7 616	7 616
Sum driftsutgifter	253 408	240 564	234 482
Brutto driftsresultat	-27 381	-14 453	-165
Renteinntekter	-542	-700	-700
Utbytte	-888	-600	-600
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	-6 211	0	0
Renteutgifter	1 508	3 420	3 420
Avdrag på lån	7 031	7 050	7 050
Netto finansutgifter	898	9 170	9 170
Motpost avskrivningar	-9 953	-7 616	-7 616
Netto driftsresultat	-36 437	-12 899	1 389
Overført til investeringsrekneskapen	527	1 127	1 250
Netto avsettingar til eller bruk av bunde driftsfond	15 116	-559	0
Netto avsettingar til eller bruk av disposisjonsfond	22 683	12 331	-2 639
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	36 437	12 899	-1 389
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0

KRAFTINNTEKTER

Masfjorden kommune hadde om lag 52,9 mill. i kraftrelaterte inntekter i 2021, opp med 17,2 mill.kr frå 35,7 mill. i 2020, noko som utgjer om lag 18,9 % av kommunen sine samla driftsinntekter. I tidlegare år har om lag 25 % av dei samla inntektene vore knytt til kraftproduksjonen i kommunen. Auken i 2021 skuldast historisk høg kraftpris,

	31.12.2021
Konsesjonsavgift	3 199 992
Naturressursskatt	12 137 785
Trekk inntektutjamning	- 2 248 000
Konsesjonskraft	12 592 064
Eigedomsskatt kraftverk og nett	26 346 649
Utbytte	828 648
Sum kraftinntekter	52 857 138

Konsesjonsavgift

Ved kraftutbygging vert regulator pålagt å innbetale ei avgift (konsesjonsavgift) til kommunen som Kongen bestemmer. Regulator kan og verte pålagt å opprette eit fond i dei einsskilte kommunane. Fondet og dei årlege konsesjonsavgiftene utgjer det som ein kallar for Kraftfondet. Kraftfondet har ein fondskapital på ein million kroner innbetalt av BKK i medhald av punkt 12 i konsesjonsvilkåra for regulering og overføring i Matrevassdraget. Fondet vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 11. desember 1964 og i medhald til punkt to i konsesjonsvilkåra for ytterlegare reguleringar og overføringar i Matre og Haugsdalsvassdraga i samband med bygging av Haugsdal kraftanlegg (Vemundsbotten kraftstasjon), gjeve med kongeleg resolusjon av 8. februar 1980. Fondet vert årleg tilført avgift, som i 2021 utgjorde omlag 3,2 mill.kr. Det er eige budsjett og eige styre for handsaming av søknader knytt til disponering av fondsmidlane.

Eigedomsskatt


Eigedomsskatt er ein viktig skatt for Masfjorden kommune, og utgjorde 26,3 mill. i 2021. Tidlegare var eigedomsskatten utskreven for verk og bruk, men endring i eigedomsskattelova gjeldande frå 2019 fjerna utskrivingsalternativet verk og bruk, som medførte at kommunen måtte føreta endring i utskreven eigedomsskatt for (2019 og) 2020-21 til landa på eigedomsskatt på næringsseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2021 er 7 promille.

Naturressursskatt

Naturressursskatten er ein særskatt for kraftproduksjonsanlegg, og utgjer 1,3øre/KWh, der 1,1 øre går til kommunen og 0,2 øre til fylkeskommunen. Naturressursskatten vert utjamna i kommunen sitt inntektssystem, og snitt for kommunane er at ein beheld om lag halvparten av denne skatten. Naturressursskatten utgjorde brutto for 2021 kr. 12,1 mill., noko som er ein liten auke i høve 2020. Kommunen får eit trekk i netto inntektstutjamning med om lag 2,248 mill. kr. Kommunen sitt att med netto 9,9 mill.kr. i 2021, mot 8,4 mill. i 2020.

medan heller låge inntekter i 2020 skuldast svært låg kraftpris gjennom året, som slo kraftig ut på konsesjonskraft då ein låg i spot med krafta.

Kraftprisen i vårt prisområde vart på nesten 76 øre i 2021, som er den soleklart høgaste årsprisen i moderne tid. Førre rekord blei satt i 2010 då landsdelen endte på rundt 42 øre/kWh. Samanliknar ein 2021 med 2020, er skilnaden astronomisk. Med sine 76 øre var 2021 nesten åtte ganger dyrare enn 2020. Dette er to rekordår som møtast, hhv dyrast i 2021 og billigast i historien med 2020.



Konsesjonskraft

Etter gjeldande lover skal inntil 10 % av høvesvis gjennomsnittleg kraftmengde (ved ervervs-konsesjonar) eller kraftauke (ved regulerings-konsesjonar) avståast til dei kommunar eller fylkeskommunar der kraftanlegga ligg. Avståing og fordeling av konsesjonskraft vert avgjort av vedkommande departement med grunnlag i kommunen sitt behov til den alminnelege elektrisitetsforsyning. Samla konsesjonskraftvolum utgjer 68,9 GWh i Masfjorden. Det kommunen ut i frå alminneleg forsyning ikkje tek ut, går til fylkeskommunen.

I 2021 tok vi ut konsesjonskraft tilsvarande 53,3 GWh av den tildelede konsesjonskrafta på 68,9GWh. Volumet utover det kommunen tek ut går til Vestland fylkeskommune. Konsesjonskrafta for 2021 har vore basert på avtale om prisgaranti og ikkje i spot – kommunen valde ei form for prissikring med erfaring frå 2020, opphavleg budsjett på 3,4 mill.kr. – høg kraftpris ga eit vesentleg betre resultat for 2021 enn budsjett, med ein pluss på over 9,2 mill.kr. i høve budsjett, og ein netto gevinst på 12,6 mill.kr.




Utbytteinntekt

Masfjorden kommune er ein stor vertskommune for kraftutbygging, men er ein liten eigar. Kommunen har eigardel på 0,1% i BKK AS som i 2021 ga eit utbytte på 0,8 mill.

DRIFTSUTGIFTER

Kommunen sine driftsutgifter gjennom 2021 er på 253,4 mill. inklusiv kapitalelement i form av avskrivningar. Korrigert for kapitalutgifter, er driftsutgiftene på 243,4 mill.

Løn- og sosiale utgifter utgjør hovudtyngda av driftsutgiftene (69 %). Kommunalt konsum av varer og tenester står for 22 % og resten er overføringar.



Samla endring i høve 2020 innanfor løn og sosiale utgifter var i rekneskapsåret på 4,0 %. Tilsvarende tal for 2020 og 2019 var på høvesvis -1,6 % og +2,6 %. Fastlønspostane viser ein auke på 3,8 mill. (3,2 %) frå 2020, mens variabellønspostane viser ein auke på 1,9 mill. (13,4 %). Sosiale utgifter har auka med 0,9 mill. (3,0 %). Fastlønspostane viser eit meirforbruk på 0,5 mill. (0,4 %) i høve budsjett 2021, mens variabellønspostane eit meirforbruk på 4,3 mill. (30,7 %). Sosiale utgifter viser mindreforbruk på 2,0 mill. (7,0 %). Meirforbruket knytt til variabelløn er i sin heilheit finansiert med tilsvarende meirinntekt frå sjuke- og fødselsrefusjonar.

Kommunen sine kjøp av varer og tenester omfattar både tenester som leverandørane yter til kommunen sjølv (tenester som inngår i kommunen sin tenesteproduksjon) og tenester som leverandørane yter direkte til brukarane på vegne av kommunen (tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon). Rekneskapan viser eit meirforbruk på 5,5 mill. for desse i høve budsjett. Postane med størst meirforbruk er vedlikehald, service og kjøp frå andre/private på 4,0 mill. og straumutgifter på 1,6 mill. Utgifter knytt til kompetanse viser eit mindreforbruk på 0,4 mill., mens kjøp av medisinsk materiell eit meirforbruk på 0,2 mill.

Overføringar og tilskot er utgifter som ikkje er knytt til kjøp eller avtale om leveranse/produksjon av bestemte tenester.

Rekneskapan 2021 viser ein liten reduksjon i desse utgiftene i høve til 2020. Denne skuldast lågare overføringar til private. I høve budsjett 2021 viser meirverdiavgiftskompensasjon ein meirutgift på 2,1 mill., mens overføringar til private viser ein mindreutgift på 1,3 mill. Opprydding av eldre rekneskaps-postar (tapsføringar) viser ein meirutgift på 1,2 mill. i høve budsjett.

Bevilgningsoversikt drift (tal i tusen) Budsjett- og rekneskapsforskrift §5-4	Rekneskap 2021	Justert budsjett 2021	Opph. budsjett 2021	Rekneskap jf justert budsjett 2021	Rekneskap 2020
Rammetilskot	-84 118	-82878	-78 746	1 240	-82 693
Inntekts- og formueskatt	-51 164	-49 391	-47 691	1 773	-45 913
Eigedomsskatt	-27 298	-27 298	-25 632	0	-25 633
Andre generelle driftsinntekter	-20 026	-19 113	-16 450	913	-24 187
Sum generelle driftsinntekter	-182 606	-178 680	-168 519	3 926	-178 426
Sum bevilgningar drift, netto	145 272	156 611	160 738	11 423	161 654
Avskrivningar	9 953	7 616	7 616	-2 337	7 867
Sum netto driftsutgifter	155 225	164 227	168 354	9 085	169 521
Brutto driftsresultat	-27 381	-14 453	-165	13 012	-8 905
Renteinntekter	-542	-700	-700	-158	-629
Utbytte	-888	-600	-600	288	-676
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	-6 211	0	0	6 211	-2 019
Renteutgifter	1 508	3 420	3 420	1 912	1 729
Avdrag på lån	7 031	7 050	7 050	19	6 265
Netto finansutgifter	898	9 170	9 170	8 272	4 670
Motpost avskrivningar	-9 953	-7 616	-7 616	2 337	-7 867
Netto driftsresultat	-36 437	-12 899	1 389	23 621	-12 102
Overført til investeringsrekneskapan	527	1 127	1 250	600	11 828
Avsetningar til bunde driftsfond	15 116	0	0	-15 116	6 196
Bruk av bundne driftsfond	-22 683	-559	0	22 124	-5 303
Avsetningar til disposisjonsfond	48 107	16 698	11	-31 409	14 068
Bruk av disposisjonsfond	-4 630	-4 367	-2 650	263	-14 688
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	36 437	12 899	-1 389	-23 538	12 102
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0

Året 2021 ble eit veldig spesielt år:

Rekordhøge kraftprisar mot slutten av året ga ei solid meirinntekt knytt til sal av konsesjonskraft. Målt i høve 2020 har Masfjorden kommune 13,7 mill. i meirinntekt frå konsesjonskraft i rekneskapsåret 2021.

Høgare skatteinngang, rammeoverføringar

utover ordinær rammetilskot (pandemi, ressurskrevjande tenester) og kompensasjonsordningar har styrka driftsinntektene i året både i høve budsjett og året før.

Høgt sjukefråvær

har gitt ekstra refusjonsinntekter, men også ekstra vikargifter. På sjukeheimen var bemanningssituasjonen i periodar så krevjande, at bruk av ekstern vikarbyrå var naudsynt.

Høg premieinnbetaling til KLP pensjonsordninga har gitt i 2021 eit stort premieavvik og ein skeiv fordeling av kostnadene mellom tenesteområda. Pensjonsutgift for dei operative tenesteområda viser ein meirutgift på 3,2 mill., mens meirinntekta for andre tenesteområde (premieavvik) er på 6,0 mill.

Netto driftsdelen i rekneskapsdelen 2021 viser eit mindreforbruk i høve budsjett for alle einingane utanom barnehage, pleie og omsorg, kultur og teknisk. Samla mindreforbruk for alle tenesteområda er på 11,4 mill., som utgjer 7,3 % av tildelte rammar gjennom året. Ser vi berre på dei operative tenesteområda (utanom Andre tenesteområde) viser rekneskapsdelen 2021 eit meirforbruk på 3,9 mill., som utgjer 2,4 %.

Tenesteområde **Folkevalde organ** viser eit mindreforbruk på 0,1 mill. i høve budsjett. Dette er i all hovudsak knytt til driftspostar.

Tenesteområde **Administrasjon** viser eit mindreforbruk på 0,9 mill. i høve budsjett. Av dette står lønn- og sosialepostar for 0,1 mill., resten av mindreforbruket er knytt til driftspostar.

Tenesteområde **Barnehage** viser eit meirforbruk på 0,5 mill. i høve budsjett. Av dette står lønn- og sosialepostar for 0,2 mill. og driftspostar for 0,2 mill. Driftspostane er i all hovudsak knytt til ombygging/vedlikehald Nordbygda barnehage. Brukarbetalingane gjennom året viser ein mindreinntekt på 0,1 mill.

Tenesteområde **Skule** viser eit mindreforbruk på 1,4 mill. i høve budsjett. Av dette står lønn- og sosialepostar for 0,7 mill. Driftspostane viser eit meirforbruk på 0,7 mill. og kapitalkostnader (avskrivningar) ein meirkostnad på 0,3 mill. Inntektspostane viser meirinntekt frå gjesteelever på 1,0 mill. og diverse tilskot/refusjonar på 0,7 mill.

Tenesteområde **Helse** viser eit mindreforbruk på 0,3 mill. i høve budsjett. Lønn- og sosiale postar viser eit meirforbruk på 0,9 mill. og driftspostar eit meirforbruk på 0,2 mill. Inntektspostane viser meirinntekt frå brukarbetalingar på 0,9 mill. og diverse tilskot/refusjonar på 0,5 mill.

Bevilgningar drift, netto (tal i tusen):	Rekneskap 2021	Justert budsjett 2021	Opph. budsjett 2021	Rekneskap jf justert budsjett 2021	Rekneskap 2020
Folkevalde organ	2 732	2 835	2 765	103	2 557
Administrasjon	13 590	14 475	14 700	885	12 960
Barnehagar	17 530	17 061	16 882	-469	15 658
Skular	44 955	46 338	45 838	1 383	43 004
Helse	12 908	13 162	13 162	254	11 731
Sosial og barnevern	4 021	5 175	5 000	1 154	5 304
Pleie og omsorg	51 324	46 877	49 952	-4 447	47 610
Kultur	7 124	6 880	6 680	-244	6 780
Kyrkja	3 487	3 500	3 500	13	3 688
Teknisk	13 393	10 749	10 200	-2 644	13 794
Andre tenesteområde	-25 791	-10 441	-7 941	15 350	-1 433
Sum	145 272	156 611	160 738	11 339	161 654

Tenesteområde **Sosial og barnevern** viser eit mindreforbruk på 1,2 mill. i høve budsjett. Drift av NAV Fensfjorden står for 0,5 mill. av dette. Resten av mindreforbruket er knytt til sosialhjelp. Barnevernsområde er i balanse.

Tenesteområde **Pleie og omsorg** viser eit meirforbruk på 4,4 mill. i høve budsjett. Lønn- og sosiale postar viser eit meirforbruk på 3,5 mill. Driftspostane viser eit meirforbruk på 3,0 mill., av det står bruk av ekstern vikarbyrå for 1,8 mill. Kapitalkostnader (avskrivningar) viser eit meirforbruk på 2,3 mill., mens inntektspostane viser ein meirinntekt på 4,4 mill., der 3,9 mill. er knytt til ressurskrevjande tenester.

Tenesteområde **Kultur** viser eit meirforbruk på 0,2 mill. i høve budsjett. Meirforbruket fordeler seg likt mellom lønn- og sosiale postar og driftspostar.


Rammeområde **Kyrkja** viser balanse.

Rammeområde **Teknisk** viser eit meirforbruk på 2,6 mill. i høve budsjett. Om lag 1,6 mill. av dette er knytt til rettingar og rydding av eldre rekneskapspostar. Lønns- og sosialepostar viser eit meirforbruk på 0,4 mill., resten av budsjettavviket er knytt til drifts- og inntektspostar.

Rammeområde **Andre tenesteområde** viser ein meirinntekt på 15,3 mill. i høve budsjett. Premieavvik, som er en del av den totale pensjonskostnaden bokført i rekneskapsdelen, viser ein meirinntekt på 6,0 mill. Sal av konsesjonskraft viser ein meirinntekt på 6,7 mill. og motpost avskrivningar ein rekneskapsmesse meirinntekt på 2,3 mill. Resten av budsjettavvika er knytt til administrasjonslokalar og fellespostar.

INVESTERING

Kommunen sin investeringsrekneskap for 2021 syner lågt aktivitetsnivå gjennom året. Alle gjennomførte investeringsprosjekt er fullfinansiert utan opptak av lån, og 13,8 mill. av mottekne tilskotsmidlar i 2021 er avsett til finansiering av framtidige prosjekt.



Investeringsutgiftene gjennom året er på 9,3 mill., og fordeler seg som følgje:

Diverse investeringar	-0,6 mill.
Bygg/eigedom	6,9 mill.
Kommunale vegar	1,6 mill.
Sjølvkostområda	0,4 mill.
KLP eigenkapitalinnskot	0,6 mill.
Tilskot	0,4 mill.


Investeringsinntektene gjennom året er på 22,6 mill. Kompensasjon for meirverdiavgift står for 2,1 mill. Tilskotsmidlar på 20,0 mill. omfattar tilskot frå Husbanken knytt til omsorgsbustadene på Hosteland. Sal av varige driftsmidlar omfattar sal av kommunal eigedom på Sandnes. I tråd med vedtatt budsjett, er årets aktivitet finansiert utan opptak av lån til investeringsføremål.

Investeringsprosjekt (tal i tusen)	Rekneskap 2021	Justert budsjett 2021	Opphavleg budsjett 2021
IKT- og EDB investeringar	198	500	500
Sandnes skule - rehabilitering	0	0	250
Masfjorden sjukeheim - varme og ventilasjon	0	375	1 625
Masfjorden sjukeheim - kjøkken	395	375	375
Ombygging lager på Duesund	1 052	3 298	1 875
Bustad eldre og funksjoshemma Hosteland	5 412	5 500	0
Kommunale vegar	1 617	1 250	1 000
Bustadfelt tilrettelegging	-750	750	750
Vassforsyning	151	600	600
Grunnvass eldre Øvredalen/Andvik	259	0	0
Totalt	8 335	12 268	6 975

Netto utgifter til vidareutlån syner eit utlån på 0,2 mill. gjennom året. Mottatte avdrag på startlån er gjennom året høgare enn betalte avdrag. Overdekninga på 0,45 mill. er i rekneskapen avsett til bundne investeringsfond.

Det er gjennom året ikkje tatt opp nye lån, verken til investeringsføremål eller til vidareutlån (startlån). Ved utgangen av 2021 har Masfjorden kommune 3,5 mill. i ubrukte lånemidlar til investeringsføremål og 3,9 mill. i ubrukte startlånsmidlar.

Investeringane i 2021 er finansiert slik:




BALANSEN

Balanserekneskapen viser oversyn over kommunen sin økonomiske situasjon på eit tidspunkt, og viser kommunen sine eigedelar og korleis desse er finansiert.


Eigedelane blir klassifisert som anleggsmidlar eller omløpsmidlar.

Anleggsmidlar er eigedelar bestemt til varig eige eller bruk, og omfattar varige driftsmidlar, utlån, pensjonsmidlar og eigenkapitaltilskot til pensjonsordninga i KLP.



Utviklinga av eigedelar frå 1991 og fram til 31.12.21 (tal i heile tusen)


Kommunen sine eigedelar viser ein auke på 216,7 mill. i perioden 2018-2021. Av auken står pensjonsmidlar/premieavvik for 58,3 mill. og varige driftsmidlar for 94,5 mill. Kommunen sine plasseringar av både varig/strategisk og ikkje varig art viser i same periode en auke på 12,7 mill., medrekna urealisert gevinst/tap. Kortsiktige fordringar viser ein auke på 3,8 mill., og bankplasseringar viser ein auke i perioden på 45,0 mill. Utlån som i all hovudsak er formidlingslån viser ein auke på 2,5 mill.



Eigenkapital

Eigenkapitalen består av en fondsdel og kapitalkonto.

Kapitalkontoen beskriv kor mykje kommunen har brukt av eigenkapitalen sin til å finansiera anleggsmiddel, og framkommer som differansen mellom balanseført verdi av anleggsmidlar og langsiktig gjeld justert for ubrukte lånemidlar. Kommunen sin eigenkapital viser ein auke i perioden 2018-2021 på 130,3 mill.



Kapitalkontoen står for 75,6 mill. av auken og frie fond for 57,4 mill., mens bundne fond viser reduksjon på 2,7 mill.


Gjeld

Gjeld blir klassifisert som langsiktig og kortsiktig. Gjeld som blir tatt opp med formål i tråd med kommunelova sin § 14-14 blir klassifisert som langsiktig. Pensjonsforpliktingar er også av langsiktig karakter.

Kommunen sine gjeldsforpliktingar viser ein auke i perioden 2018-2021 på 86,4 mill.

Av auken står pensjonsforpliktingar/premieavvik for 5,3 mill. og annan kortsiktig gjeld for 10,6 mill.

Både formidlingslån og lån med investeringsføremål viser i same periode ein auke på høvesvis 5,4 mill. og 65,1 mill.



EIGENKAPITAL OG GJELD


EIGENKAPITALEN

Utgjør pr. 31.12.21 om lag 41% av sum egenkapital og gjeld. Langsiktig gjeld 55% og kortsiktig gjeld 5%.



FONDSMIDLAR

Auka i 2021 med litt over 50 mill.kr (diagram under med tal i heile 1000)



SALDO BRUFOND

utgjør pr. 31.12.2021 kr. 11 040 326,40

Masfjorden kommunestyre fatta følgjande vedtak den 31.5.2012, sak 45:

1. Masfjorden kommune går inn med 40 mill. kr. som eigenfinansieringsdel i Masfjordsambandet.
2. Det vert gjort ei årleg avsetjing på 1 mill. kr. frå Kraftfondet til brufond til prosjektet vert realisert og finansieringsbehovet oppstår.

LÅNEGJELD



Lånegjelda redusert med 8 mill.kr. i 2021, og utgjør 139,5 mill.kr pr. 31.12.21

I langsiktig gjeld ligg og pensjonsforpliktinga som har auka med om lag 11,2 mill. kr. i 2021.

Samla har Masfjorden kommune ei langsiktig gjeld på 441 mill. kr.

ARBEIDSKAPITAL

(som er summen av omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld) Auka med 50 mill.kr. i 2021 til 133,2 mill.kr.



NÆRING/KRAFTFONDET

Masfjorden har ei eiga årsmelding om næring/kraftfondet som ein finn på kommunen si heimeside www.masfjorden.kommune.no under Start→ Sjølvhjelp → Kraftfondet, samt strategisk næringsplan.

Folketalet i Masfjorden 2012- 2021



KOSTRA (KOMMune-STat-RAPportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om kommunalt virke. Informasjonen om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde blir registrert og samanstillt for å gje relevant informasjon til avgjerdstakarar både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal gje betre grunnlag for analyse, planlegging og styring. KOSTRA-tal er innrapporterte rekneskapstal pr. 19. februar 2021 for 2020. Endlege KOSTRA-tal for 2020 kjem etter at årsmeldinga er ferdigstilt.

Finansielle nøkkeltall	Masfjorden 2021	Alver 2021	Gulen 2021	Gjennomsnitt kommunegruppe *14 2021	Gjennomsnitt Vestland 2021	Gjennomsnitt alle kommunar utan Oslo 2021
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	12,3	3,2	4,9	4,2	4,2	4,2
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	90 497	64 371	88 515	85 872	64 180	63 11
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	61,8	132,9	70,7	90,2	105	114,9
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	40,2	26,9	45,7	29,0	19,3	23,0
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar	230 645	187 971	264 135	212 294	187 324	181 474
Netto driftsutgifter til grunnskuleopplæring, per innbygger 6-15 år	223 542	132 609	218 050	183 184	131 428	125 904
Utgifter pr. innbyggjar i kroner, helse- og omsorgenesta	56 292	35 434	58 048	48 207	33 592	33 025
Andel barn 1-5 år med barnehageplass, prosent	92,1	96	100	89,5	94,3	93,6
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, prosent	7,2	9,7	6,7	9,0	7,5	7,9
Andel plassar i einerom i helse- og omsorgsinstitusjonar, prosent	100	98,4	73,3	94,4	96,4	92,4
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, grunnskule	9,3	14,9	8,2	11,8	15,1	15,6
Årsgebyr for vassforsyning (gjeld rapporteringsåret+1) ekskl. mva.	5 350	3 546	6 030	5 435	4 510	4 033
Årsgebyr for avløpstenesta (gjeld rapporteringsåret+1) ekskl. mva.	3 600	3 643	5 457	5 657	4 011	4 435
Årsgebyr for avfallstenesta (gjeld rapporteringsåret+1)	3 088	3 488	4 360	3 173	2 939	3 140
Brutto driftsutgifter per innbyggjar, kyrkja	2 141	851	1 565	1 509	732	686

Kostragruppe 14: Små kommunar med høge bundne kostnader per innbyggjar, høge frie disponible inntekter.

Meir info om Masfjorden kommune/kommunesektoren elles finn ein under www.kostrano.no

PERSONAL

	Kvinner	Menn
Totalt tilsette pr. 31.12.21	244	97

Likestilling – mangfold - diskriminering og etikk

Arbeidsgjevar har ei plikt til å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremma likestilling og hindra diskriminering. Masfjorden kommune har stor overvekt av kvinnelege arbeidstakarar. Begge kjønn er representert på nær alle nivå i politikk og administrasjon. Ein kan ikkje sjå at det er trong for å setja i verk spesielle tiltak for å fremje likestilling eller hindra forskjellshandtering i Masfjorden kommune. Ved tilsettingar i kommunen vert søkjar sine kvalifikasjonar vektlagt, og ikkje kjønn.

Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Masfjorden kommune vart vedtekne i oktober 2007.

Føremålet med desse retningslinjene er å skapa betre medvit om haldningar og etiske verdiar, og dermed styrkja innbyggjarane sin tillit til administrasjon og politikk i Masfjorden kommune.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) 2019 - 2023

Karstein Totland	- Utvalslar
Britt Inger Myhr	- Nestslar
Bjørn Egil Nordland	- Hovudverneombud
Laila Herbst Totland	- Arbeidstakar repr.
Svein Helge Hofslundsengen	- Medlem
Svein Viktor Ellingbø	- Medlem

AMU består av 3 representantar for arbeidstakar sida og 3 representantar for arbeidsgjevar. Leiar er i denne perioden frå arbeidsgjevar sida.

AMU hadde 4 møte i 2021 (10.3., 31.5. 26.6 og 1.11), og handsama hovudsakeleg saker som er på eit overordna nivå, som mål og status for systematisk HMT-arbeid, gjennomføre HMT dag, HMT/vernerunde -rapportar frå tenesteområda, felles rutinar for kommunen, sjukefråværsrapportar,

Dei kommunale arbeidsplassane er delt inn i sju verneområde, der følgjande tilsette var valt til verneombod i 2021:

Avdeling:	Verneombud:
Hovudverneombod	Bjørn Egil Nordland
Heimetenesta, Masfjorden bu- og aktivitetssenter Vara	Merete Rugseth Anny Bente Duesund
Masfjorden sjukeheim Vara	Ann Camilla Wergeland Arnhold Gerweck
Helsetun, NAV	Kamilla Haukeland
Nordbygda skule/SFO og Nordbygda barnehage Vara	Solveig Grimslund Trodal Oddvar Vigdal
Sandnes skule/SFO og Sandnes barnehage Vara	Ragne Steinde Kjersti Andvik
Matre skule/SFO, Indre Masfjorden barnehage Vara	Grete Nyhavn Grethe B. Oppedal
Kommunehuset Vara	Tone Haugsvær Ottar Myrtveit
GMBR	Ole Kristian Reknes

IA--arbeid, opplæring, handlingsplan for bruk av bedriftshelsetenesta (BHT), med meir, samt arbeidsmiljømessige konsekvensar av kommunens budsjettframlegg. I Alt 16 saker i 2021, alle møte som teams møte dette året.

HMT arbeid – risikokartlegging av arbeidsmiljøretta forhold

Ei risikovurdering er ein grundig gjennomgang av kva som kan forårsake uheldige situasjonar som skade eller sjukdom på arbeidsplassen. Gjennom systematisk bruk av tilgjengeleg informasjon om arbeidsplassen kan ein identifisere farar og vurdere om det er tilstrekkelege forholdsreglar, eller om det bør gjerast meir for å førebygge.

Målet med risikovurderingar er å føresjå hendingar før dei skjer. Evaluering av risikoområda vil bidra med å identifisere iverksettingstiltak for å førebygge at hendingar inn-treff.

Lovverket stiller krav om systematisk HMS-arbeid. Arbeidsmiljølova § 3-1, 2. avsnitt, bokstav c seier at systematisk HMS arbeid inneber at arbeidsgjevar kartlegg farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risikoforholda i verksemda, utarbeide planar og iverksette tiltak for å redusere risikoen.

Internkontrollforskrifta § 5 definerer innhaldet i det systematiske HMS-arbeidet og stillar krav til skriftleg dokumentasjon. Forskrift om organisering, leiing og medverking § 13-2 stillar krav til at arbeidsgjevar skal sørge for at bedriftshelsetenesta bistår med kartlegging av arbeidsmiljøet, gjennomfører undersøkingar av arbeidsplassane og vurderer risiko for helsefare.

Sjukefråveret

Tala er inkludert eigenmeldingar

År	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal
2019	10,0 %	8,7 %	6,5 %	6,7 %
2020	11,7 %	8,3 %	7,0 %	7,5 %
2021	8,9 %	9,7 %	10,3 %	11,4 %

Lærlingar

Dette året hatt 7 lærlingar som er fordelt slik:
Helsefagarbeidar 3
Barne og ungdomsarbeidar 4

Hovudtillitsvalt (HTV) i kommunen

Fagforbund:	Tillitsvalt:
Fagforbundet	Britt Inger Myhr
Sjukepleiarforbundet	Laila Herbst Totland
Utdanningsforbundet	Ørjan Valestrand
NITO	Anne Kari Mjanger

Det har i 2021 vorte gjennomført 9 møte mellom HTV-ane og rådmann om aktuelle saker innan personalområdet.

SENTRALADMINISTRASJONEN

Kommunikasjon

Kommunen si heimeside er tenkt å vere eitt av fleire kontaktpunkt mellom kommunen og innbyggjarane. Her skal ein finne aktuell, korrekt og oppdatert informasjon frå kommunen. Likeeins er heimesida ein stad der publikum skal kunne melde inn saker, til dømes via elektroniske skjema som vert gjort tilgjengelege via heimesida. Kommunen sitt intranett er tenkt å vere ein informasjonskanal og

ressurs for dei tilsette. Her kan tilsette finna mykje informasjon og få lett tilgang til skjema, rutineskildringar og viktige styringsdokument m.v. Det har vore eit mål å få aktivisert denne portalen på ein måte som gjer at dei tilsette får endå større nytte av denne kanalen. I meldingsåret har tilsette i administrasjonen med støtte frå IKT-Nordhordland jobba med å implementere Microsoft sin plattform 365, med nye program og digitale plattformer.



Figuren viser korleis ulike verktyø i Microsoft støttar verksemda

Microsoft 365 er ein samhandlingsplattform som mogleggjer samhandling og kommunikasjon mellom tilsette i kommunar og mellom kommunar. Den nye plattformen med fleire nye program og applikasjonar for samhandling vil verta teke i bruk tidleg i 2022.

Tenestetorget, arkiv og dokumenthandsaming

Dagleg jobbar tenestetorget med formidling av førespurnader og spørsmål mellom innbyggjarar og sakshandsamarar i kommunen. Ein ser tydeleg at papirmengda som kjem inn er mindre enn tidlegare, og det vert stadig jobba med digitalisering av tenester via kommunen si heimeside.

Saman med andre kommunar i IKT-samarbeidet i Nordhordland, er det starta opp mange prosjekt. Arkiv spelar ein viktig rolle, då det ofte er snakk om integrasjonar mellom fagsystem og kommunens sak/arkiv-system. Ein kjem fram til gode

fellesløysingar og vi dreg nytte av, ikkje minst deler, viktig kompetanse på tvers av kommunane.

Arbeidet med å samle saman arkivmateriale på papir ifrå ytre einingar byrja i slutten av 2019. Etter avtale med IKAH (interkommunalt arkiv for Hordaland), vart det i november 2021 henta 121,7 hyllemeter arkivverdig dokumentasjon frå Masfjorden kommune. På grunn av godt samarbeid med einingane, let dette avleveringsprosjektet seg gjennomføre.

Utval	Tal på møte 2021	Handsama saker
Formannskapet	8	112
Kraftfondstyret	4	27
Kommunestyret	6	70
Administrasjonsutvalet	3	13
Teknisk utval	4	20
Tilsetjingsutvalet	22	
Valstyret	0	0
Eldrerådet	3	18
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	1	6
Arbeidsmiljøutvalet	3	16
Ungdomsrådet	4	21



Nytt digitalt delegeringsreglement

Hausten 2020 begynte administrasjonen å byggja opp innhald i eit nytt digitalt delegeringsreglement for heile kommunen, og dette vart slutført våren 2021. Nytt delegeringsreglement vart godkjent i kommunestyret i sak 009/2021 den 15.06.2021. Det vart deretter lagt ut på kommunen si heimeside under overordna planar og styringsdokument.

Masfjordingen

I meldingsåret kom det ut 6 utgåver av Masfjordingen. Arbeidet vert gjort av tilsette i administrasjonen og frå kyrkja. I tillegg kjem det inn mange gode bidrag frå innbyggjarar og andre tilsette.

Masfjordsambandet

Masfjordsambandet – bru over Masfjorden er eit prioritert prosjekt, og det har vore fleire møte på digitale plattformer, som har handla om korleis ein kan styrke finansieringa knytt til ferjeavløysingsprosjekt og bruk av bompengar.

Lys i Hostelandstunnelen

Masfjorden kommune har i fleire år jobba mot Vestland fylkeskommune og Statens Vegvesen for å få lys i Hostelandstunnelen. Våren 2021 var arbeidet ferdig, og kommunen arrangerte opningsmarkering den 23. mars.

VELFERDSTEKNOLOGI



16 kommunar i tidlegare Hordaland har saman med Utviklingssenter for Sykehjem og Hjemmetjenester (USHT) i Hordaland delteke i Nasjonalt velferdsteknologi-program (NVP). NVP si målsetjing har vore at velferdsteknologi skal vere ein del av helse- og omsorgstenesta i kommunane innan 2020.

Å jobba med organisatoriske utfordringar er ein føresetnad for å lukkast med innføring av teknologiske løysingar og tenesteutvikling. Gjennom prosjektet har Masfjorden kommune teke i bruk moderne velferdsteknologiske løysingar i heimetenesta, på sjukeheimen og i Masfjorden bu- og aktivitetssenter. Dette har vore positivt for vårt tenestetilbod.

Vidareføring av arbeidet med E- helse/velferdsteknologi vil halda fram gjennom nytt prosjekt, E-helse Vestland.

Samarbeidsprosjekt med andre kommunar

Nytt kvalitetssikringssystem (Netpower)

I meldingsåret fekk kommunane i IKT Nordhordland – nytt digitalt kvalitetssystem I dette systemet skal kommunen handsama avvik frå start til lukking av avvik i ein arbeidsflyt, og det skal vera enkelt å ta ut rapportar til slutt.

Prosjekt felles kontaktsenter

Kommunane; Samnanger, Vaksdal, Osterøy, Austrheim, Gulen og Masfjorden byrja i 2020 å jobba med prosjektet felles kontaktsenter. Eit felles kontaktsenter for kommunane Gulen og Samnanger vart etablert hausten 2021. Både Vaksdal og Austrheim kommunar har seinare trekt seg ut av prosjektet, og Masfjorden har valt å ha ei avventande rolle inntil vidare.

PLANARBEID

Planstrategi for Masfjorden kommune 2020 - 2023

Ny planstrategi vart vedteke på kommunestyremøtet den 13.02.2020 i sak 009/2020. Dokumentet vart revidert hausten 2020, og justert planstrategi vart godkjent på kommunestyremøtet den 30.11.2020 i sak 081/20. Denne har vore styrande for kva planarbeid som har stara opp i meldingsåret.

Kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune

Kommunen sende i brev dagsett 24.06.2020 kunngjering om planoppstart og framlegg til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for 2020 – 2032 ut på høyring. Våren 2021 vart sjølvne planarbeidet starta opp, og det vart engasjert ein konsulent til å bidra i arbeidet i lag med lokal arbeidsgruppe og utvida referansegruppe. Framlegg til plan var på høyring fram til 25. november, og deretter har administrasjonen jobba med å gjera ferdig planen for slutthandsaming tidleg i 2022.

PLANARBEID FORTS.

Oppstart av kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune for 2021 – 2033

Kommunestyret vedtok i sak 081/20 i møte den 30.11.2020 i samband med vedtak om revidert planstrategi for perioden 2020 – 2023 å prioritere oppstart av ny energi og klimaplan for Masfjorden kommune. Formannskapet vedtek i møte den 02.09.2021 oppstart og kunngjering av arbeidet med kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune for 2021 – 2033, og at framlegg til planprogram dagsett 06.07.2021 vart sendt på høyring. Det kom inn mange innspel i høyringa.

Oppstart av kommunedelplan for drikkevatt og avlaup for Masfjorden kommune 2021 – 2033

Formannskapet vedtok i sak 081/2021 i møte den 18.10.2021 oppstart og kunngjering av arbeidet med kommunedelplan for drikkevatt og avlaup for Masfjorden kommune 2021 – 2033, samt at framlegg til planprogram dagsett 23.09.2021 vart sendt på høyring.

Offentlege reguleringsplanar

Reguleringsplan for Storeskjeret gnr 30 bnr 23 m.fl.

Formannskapet i Masfjorden kommune hadde møte den 04.02.2021, sak 011/2021, og gjorde då vedtak om å leggje 1. gangs framlegg til reguleringsplan for Storeskjeret gnr 30 bnr 23 m.fl. ut til offentleg ettersyn. Reguleringsplanen handlar om å få sikra areal til ny daglegvarebutikk ved Storeskjeret med naudsynt infrastruktur rundt.

Det kom motsegn til planen frå både NVE, Vestland fylkekommune og frå Statsforvaltaren i Vestland. På grunn av motsegn måtte reguleringsplanen endrast, og kommunen måtte og tinga eigen geoteknisk rapport frå selskapet Sweco AS, for å avklara eventuell rasfare og ustabilitet imed vidare. Det måtte og skaffast eigen ROS-analyse knytt til brann- og eksplosjonsfare frå planlagt tankanlegg. Revidert framlegg til reguleringsplan for Storeskjeret gnr 30 bnr 23 m.fl. vart etter møte i formannskapet den 18.10.2021 sendt ut til offentleg ettersyn. I brev av 29.11.2021 opprettheld NVE motsegna si knytt til at eventuell rasfare ikkje er utgreidd godt nok.

Reguleringsplan for Hostelnd Vest

Kommunestyret vedtok i møte den 02.12.2021 om å gje fullmakt til ordførar om å senda framlegg til planprogram ut på høyring, samt å godkjenna oppstart av reguleringsplan for Hostelnd Vest. Føremålet med planarbeidet er å regulera inn bustadtomter med tilhøyrande veg, infrastruktur, leikeareal, friluftsområde og småbåthamn med vidare.

Reguleringsplan for Botnneset gnr. 31 bnr. 1 m.fl.

Formannskapet vedtok i møte den 18.10.2021, i sak 21/670 oppstart av reguleringsplanarbeid (områdeplan) for Botnneset gnr. 31 bnr. 1 m.fl, samt å senda framlegg til planprogram ut på høyring. Planprogrammet informerer nærmare om bakgrunnen for planarbeidet, medverknad, organisering og prosess. Føremålet med planen er å etablere bustadar, og å sikra viktige natur-/kulturmiljø og friluftskvalitetar i området.

Private reguleringsplanar

Reguleringsplan for Kvamme gnr. 32 bnr. 6m.fl.

Formannskapet gjorde vedtak om å senda reguleringsplanen ut til offentleg ettersyn i møte den 10.06.2020 i sak 054/20. Formannskapet tilrådde i møte den 15.12.2020 at kommunestyret skulle godkjenna planframlegget. Planen vart godkjent i kommunestyremøtet den 11.02.2021, i sak 007/21. Det kom inn klage på vedtaket, som vart først handsama i formannskapet i møte den 29.04.2021, sak 033/2021. Statsforvaltaren i Vestland stadfesta godkjenningssvedtaket til kommunestyret i brev av 16.06.2021.

Reguleringsplan for del av Totland (gnr. 26 bnr. 2,5 m.fl.)

Planen gjeld regulering av den gamle hermetikfabrikken med føremål å få regulert inn eit område for smoltanlegg med store kummer ute, og etablering av fjellhallar med mindre kummer inne i desse. Planprogrammet vart godkjent i formannskapet den 17.11.2020, i sak 111/2020. I meldingsåret har det vore ein del kontakt mellom administrasjonen og planleggjar, som har handla om ulike planavklaringar.

Breibandutbygging

Det vart skrivi ei sak om breidband til Tangedalen til formannskapet sitt møte den 31.08.2020, sak nr 070/20. Saka vart følgd om med søknad om tilskot i 2021 til fylkeskommunen, og i e-post frå fylkeskommunen den 02.07.2021 kom det melding om at det vert gjeve eit tilskot på krone 200.000 for å få breidband til Tangedalen. Prosjektet vil verta gjennomført i 2022 i tett samarbeid med fylkeskommunen.

Utbyggingsavtalar

For å stimulera til utbygging av nye bustadfelt og bustadtomter, samt for å sikra at kommunen overtek gode veg, vatn og avlupsanlegg når utbygginga er ferdig inngår kommunen utbyggingsavtalar. I meldingsåret vart følgjande utbyggingsavtalar inngått: Utbyggingsavtale på Kvamme ved Vareitet (godkjent i kommunestyret i sak 008/2021) Utbyggingsavtale for Haugsvær Panorama (godkjent i kommunestyret i sak 048/2021) Utbyggingsavtale for Risnes tomteområde (forhandlingar i 2021)

Tilskot til fylkesvegar som er viktige for næringslivet

Statens Vegvesen og Vestland fylkeskommune tildelte i desember 2020 til saman krone 20 millionar som skal gå til vidare utbetring langs fylkesveg 570 frå Andåskrysset til Masfjordnes. Masfjorden kommune samarbeidde tett med næringslivet for å få støtte til at denne strekninga skulle prioriterast hjå desse to instansane. I meldingsåret har det vore møte med prosjektleiinga til Vestland fylkeskommune, og vegarbeidet vil venteleg verta starta opp sommaren 2022.

Beredskapsarbeid

KKL har hatt svært mange møte i meldingsåret knytt til koronaepidemien, og mange av desse skjedde i samband med konkrete smittesituasjonar i kommunen. Nye nasjonale føringar har vorte følgd opp med lokale tiltak og informasjon om dette er vorte lagt ut på heimesida til kommunen. Koronaepidemien har gjort at kommunen ikkje har prioritert å ha kriseøvingar i meldingsåret. Kriseplanen vart revidert hausten 2021.

BARNEHAGANE

Kommunedelplan for oppvekst 2014-2026 fortel om status og utfordringar innfor barnehagesektoren, og den seier noko om korleis vi vil ha det innanfor området oppvekst i Masfjorden kommune. Det same gjer handlingsplanen - oppvekst til økonomiplanen.

Til dømes: Barnehage og skule skal gje eit likeverdige tilbod i alle tre oppvekstområda. Barnehagane løyser dette med å ha felles satsingsområde for alle tre barnehagane, og ein felles del i årsplanen.

- Bading på Matre for dei eldste barna i alle tre barnehagane i perioden frå oktober til mai
- Førskuletur som avslutning på badinga

Masfjorden kommune hadde full barnehagedekning i 2021. Alle som søkte, fekk plass. Det er to hovudopptak pr. år, 1. mars og 1. oktober.

Masfjorden har i 2021 hatt makspris på barnehageplass. Prisen i 2021 var kr.3250.- pr. mnd for full plass. Ingen av barnehagane har hatt ventelister.

Nordbygda barnehage har fått Rekomp- midlar som ver nytta til eit prosjekt i lag med NLA der tema er språk og språklæring på digitale flater. Dette for å bygge opp under språkopplæringa i barnehagen og å styrka den digitale kompetansen til barna og dei tilsette. Det vert søkt om slike midlar til dei to andre barnehagane og, for å få til eit felles grunnlag for alle.

Alle tre barnehagane nyttar Duå i sitt arbeid, og har fokus på å følge det opp. Trygt og godt barnehagemiljø har stort fokus i våre barnehagar.


Masfjorden kommune har skifta internkontrollsystem til Net Power, der vert rutiner og prosedyrer for barnehagane lagt inn.

Dei tre barnehagane har eit godt samarbeid på styrarnivå. Dei deltek på styrrar/rektormøter om lag ein gong pr. månad. Møta vert organisert med fellesdel for skule og barnehage eller separate møter, der kulturskulerektor og har høve til å delta. Kommunale samlingar for dei pedagogiske leiarane har halde fram i den grad det har vore høve til det. 2021 vart og prega av pandemien og nasjonale føringar for barnehagedrifta med smittevernrettleiar frå UDIR og trafikkløysmodell. Ein kan vera stolte av dei tilsette over korleis dei har handtert situasjonen. Det har vore godt samarbeid med helsetenesta. Me har og i 2021 klart å oppretthalde drifta der foreldre har fått gå på jobb og barna har hatt eit barnehagetilbod. Opningstida i våre barnehagar har heile tida vore vanleg. Me hadde tidleg fokus på at me skulle finne gode alternativ til alle aktivitetar og møte som vart avlyst. Det har vore eit kreativt år med mykje uteaktivitet. Heldigvis har me flotte turområde.

Det har vore lite sjukdom blant barna i 2021. Dei har vaska hender flittig, har vore heime når dei har vore forkjøla, og dette har verka positivt på sjukdomsbiletet. Barna har vore i barnehagen og fått sosial trening, og me ser ei positiv utvikling i det sosiale

Barnetal og prognosar

2017:	2018:	2019:	2020:	2021:
102	91	84	81	74



Netto driftsutgifter per innb. 1-5 år i kr., barnehagar

samspelet barna imellom på alle avdelingane. Foreldre har vore samarbeidsvillige heile tida, og me har hatt ein god dialog.

Barnehagen arbeider for å vere i god dialog med foreldregruppa, og tilbakemeldingane me fekk i foreldresamtalane vår og haust var gode.

Mål og visjon

Barnehagane i Masfjorden byggjer den pedagogiske drifta si på tre hovudmål:

1. At barna er trygge og trivst
2. At barna lukkast i sosial samspel på tvers av alder
3. At barna får ei oppleving av at omsorg, leik og læring går hand i hand.

Visjonen vår er det vi skal strekkje oss mot, og som er hovudfokus for arbeidet vårt i barnehagen: Ein barnehage me er stolte av!

Alle, både store og små, skal trivast i barnehagen. Dei vaksne skal sjå kvart einskild barn, og gje dei gode mogelegheiter for å utvikle seg positivt. Barna skal føle at me har TID til dei, og at dei vert tekne på alvor. Me ynskjer at barnehagen skal vere eit positivt samlingspunkt i nærmiljøet.



INDRE MASFJORDEN BARNEHAGE

Fokusområde:

1. Samarbeid på tvers av dei tre barnehagane i kommunen

- Bading for førskulebarna i perioden oktober til desember

2. Samarbeid mellom barnehage og skule i Matre oppvekstområde:

- Førskuledagar og overgangssamtalar vart gjennomført innanfor smittevernvenlege rammer

3. Språk og språkutvikling

- I tråd med REKOMP-midlar for Nordbygda barnehage og nasjonale føringar har dette vore felles fokusområde for barnehagane i Masfjorden

4. Trygt og godt barnehagemiljø – satsingsområde frå august 2020

- Implementering av Handlingsplan for eit trygt og godt barnehagemiljø og Handlingsplan for aktivitetsplikt i personalgruppa

Foreldresamarbeid

Kommunikasjons- og planleggingsverktøyet Vigilo vert brukt for å formidle informasjon og meldingar frå barnehagen, og foreldra registerer fråver og legg inn ferie for barna sine. Det vart gjennomført foreldresamtalar både med fysisk oppmøte og via telefon både om våren og på hausten. Det vart ikkje gjennomført foreldremøte om våren av smittevernmessige omsyn, men hausten 2021 fekk vi endeleg gjennomført møte – då var det to år sidan sist. Det vart gjennomført adventsfrukost siste fredag i november der foreldre og søsken fekk delta – rett før barnehagane gjekk over på gult smittevernnivå att.

Våren 2021

Etter jul starta vi opp med 15 barn fordelt på 18 plassar. På grunn av at barnetalet var såpass lågt valde vi å organisere oss som ei avdeling. I høve til Covid 19 og smittevern var vi i januar på gult nivå, og vi kunne organisere oss som ein kohort. Livet innad i barnehagen vår vart nærast som normalt. Samarbeid på tvers med dei andre barnehagane og skulen vart dessverre avlyst.



Med tilrettelegging fekk vi likevel gjennomført overgangssamtalane og førskuleveka.

Tema i barnehagen for våren var «Eventyr», og vi jobba med ulike eventyr som «Den bitte lille kona», «Gullhår», «Skindvotten» og «Geitekillingen som kunne telje til ti». Elles hadde vi fast utedag, gruppedagar og bading for førskulegruppa. Det vart arrangert sommarfest for førskulegruppa og foreldra, og barnehageturen gjekk til Eventyrskogen på Haugsvær.

Hausten 2021

Ved oppstart av nytt barnehageår talde vi 11 barn fordelt på 13 plassar totalt i barnehagen, ein nedgang på fire barn og fem plassar frå før sommaren. Ingen nye barn begynte ved oppstart, men det kom til eitt barn før jul. Barnehagen heldt fram som ei avdeling også denne hausten. Ved oppstart vart det planlagt for grønt nivå innan smittevern, og i løpet av september vart det opna for fullt. Tema for hausten har vore «Kroppen – meg sjølv», fagområdet kommunikasjon, språk og tekst, samt sosial kompetanse. Det har blitt gjennomført utedag og pedagogiske aktivitetar i grupper gjennom heile veka. Innimellom har vi fått tid til Brannvernveka med besøk på Brannstasjonen, juleførebuing, bading felles med dei to andre barnehagane, adventsfrukost for foreldre og sysken, og besøk av «Nisse-Knut» saman med 1.-4. klasse. I desember slo koronaen til igjen, og vi gjekk over på gult nivå att.

Kompetanseheving

Barnehagen har ein tilsett som tek vidareutdanning barnehageåret 2021-2022. To tilsette gjennomførte livredningskurs i bassenget, og det var arrangert førstehjelpkurs i august saman med tilsette ved Matre skule.

Medarbeidarar

2021 var det knytt 530 % årsverk til barnehagen, inkludert lærling og styrking. Reinholdar i 38 %.

Det vart nytta ferievikar i tre veker for å få kabalen til å gå i hop. Samarbeid med SFO i totalt fem veker. Barnehagen var sommarstengd i veke 29.

Utfordringar

Leikeapparata på barnehagen sitt uteområde er slitt og treng opprusting. Dei siste åra har vi måtta fjerne fleire apparat av tryggleiksmessige hensyn, og det er etter kvart eit stort behov for å erstatte desse.

NORDBYGDA BARNEHAGE

Heldigvis opna samfunnet meir opp i 2021, og vi kunne leike og samarbeide meir på tvers av avdelingar og barnehagar i kommunen.

Det har vore eit kreativt år med mykje uteliv. Me har flotte tur-område og eit stort uteområde som har vore brukt dagleg til ulike aktivitetar. Barnehagen arbeider for å vere i god dialog med foreldregrupper, og tilbakemeldingane me fekk dette året var gode.

Samarbeid mellom dei 3 barnehagane i kommunen: Me gjennomførte bading på Matre for dei eldste barna i alle 3 barnehagane i perioden frå januar til mars og frå oktober til desember. Dette er noko barna har stor glede og godt utbytte av. Førskulegruppa i Nordbygda barnehage reiste til Kvingo og gjekk til dagsturhytta i juni. Blåkklokka var på Ånneland på badestranda og Fiolen besøkte garden der Tina bur.

Samarbeid mellom barnehagen og skulen i Nordbygda oppvekstområde

Der er ein årsplan for samarbeid siste året før skulestart mellom Nordbygda barnehage og Nordbygda skule og SFO. Der var 4 fellessamlingar frå januar til juni.

Me gjennomførte overgangssamtaler før skulestart der foreldre, barnehage og skule deltok for å sikre god informasjon i overgangen frå barnehagen til skulen.

Språkstimulerande metodar me bruker i vår barnehage

Me brukar biblioteket der bibliotekar les høgt for mindre barnegrupper, og me låner med oss bøker til barnehagen. Bøker er tilgjengeleg for barna i avdelingane, og dei er veldig glad i si eiga bok som foreldra har laga, og som heng på avdelingane der dei minste barna går.

Me spelar spel, syng, høyrer på musikk og dramatiserer eventyr. Med dei eldste barna jobbar me med eit opplegg som heiter «Trampoline». Dette opplegget er utarbeidd for førskulebarn med tanke på førebuing til det dei møter i skrive- og leseopplæringa i skulen.

Førskulegruppa hadde skivedans der dei bevegar kroppen og teiknar til musikk, frå dei store til dei mindre bevegelsane. Gjennomføring frå januar til mars.

Barnetal og plassar

Pr. 01.01.21 var det 46 barn / 62 plassar i barnehagen.

Pr.15.08.21 var det 38 barn / 46 plassar i barnehagen.

Tilsette

I 2021 hadde me 4 avdelingar om våren og 3 avdelingar om hausten då me opplevde ein nedgang i barnetalet frå nytt barnehageår i august.

Våren 2021 hadde me 3 barnehagelærarar, 1 barne- og ungdomsarbeidar og 1 assistent på dispensasjon frå utdanningskravet, 5,5 fagarbeidarstillingar, 3,4 assistentstillingar og styrar i 100% administrativ stilling pluss 54% reinholdar knytt til Nordbygda barnehage.

Hausten 2021 hadde me 2 barnehagelærarar, 1 barne- og ungdomsarbeidar og 1 assistent på dispensasjon frå utdanningskravet, 4,0 fagarbeidarstillingar, 1,8 assistentstillingar og styrar i 100% administrativ stilling, pluss 54% reinholdar knytt til Nordbygda barnehage. Me hadde 1 lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget og 1 praksiskandidat i 2021.

Me hadde eit større fråvær i 2021 samanlikna med tidlegare år. Heldigvis har me hatt faste vikarar over tid som har gjort ein veldig god jobb og skapt stabilitet for barna.

Vedlikehald av barnehagebygg og uteområde

Tilsette innan vedlikehald kjem etter ein oppsett plan kvar månad i barnehagen og utfører vedlikehaldsoppgåver som er meldt inn på førehand. Dette fungerer veldig godt.

Me hadde problem med mus på kjøkkenet igjen på hausten og måtte stenge kjøkkenet 1 månad til arbeidet med å få på plass museband rundt heile barnehagen var ferdigstilt.

Der er montert lys på vegg mellom gamle helsetunet og nye Jungelen (gamle fysiobygget) og eit skur til å oppbevare utesyklane i kom på plass rett før jul.

For å få godkjent Jungelen til bruk som barnehage, måtte det utførast noko arbeid med heimel i Forskrift om miljøretta helsevern for barnehagar, som var: nytt toalett i garderobe, vaskerenne inne med temperert vatn og høgt gjerdet ved inngang.

Kompetanseheving

Lærling Tina Elisabeth Opsahl besto fagprøven i barne- og ungdomsarbeidarfaget i desember. Ho jobbar no som vikar hjå oss.

Livredningskurs vart gjennomført og vi har 5 stk. pr. d.d. som fekk dette godkjent.

Felles brannvernkurs i september for personalet i alle 3 barnehagane vart avlyst grunna Covid-19. Vi planlegg å gjennomføre dette pluss førstehjelpskurs i 2022.

Dei 5 som gjennomførte livredningskurset har òg gjennomført førstehjelpskurs på hausten

2021 var det året vi kom igang med ReKomp, eit regionalt kompetansehevingsprosjekt, der NLA Høgskulen og Nordbygda barnehage samarbeider. Vårt satsingsområde er «Språk og språkstimulering gjennom digital praksis». Målet er å skape eit digitalt læringsmiljø for barna der barna deltek aktivt, auke kompetansen til personalet på digitale verkøy, formidle til dei andre barnehagane i kommunen kva vi lærer. Det har vore ein kontinuerleg prosess i, og vi jobbar vidare i 2022 med dette. Prosjektet vert avslutta til sommaren 2022.



SANDNES BARNEHAGE

Tilsette, barnetal og plassar

Vi starta 2021 med sju faste tilsette i barnehagen, fordelt på fire pedagogar, ein fagarbeidar og to assistentar. I februar kom ein person tilbake frå fødselspermisjon og det vart flytta over ein pedagogstilling frå Sandnes til Nordbygda barnehage. I april fekk Katarina Horgen Kvinge fast stilling som fagarbeidar i Masfjorden kommune. Barnetalet auka med eitt barn i januar, eitt barn i mai og vart deretter redusert med eitt barn sommaren 2021. Ved nytt barnehageår sendte vi eitt førskulebarn over i skulen og tok i mot fire nye eitt-åringar og eitt nytt førskulebarn. I november slutta diverre to barn i barnehagen og vi avslutta 2021 med eit barnetal på 21 barn fordelt på 30 plassar og to avdelingar.

Eit år meir likt slik vi kjenner det...

Sjølv om også 2021 har bore preg av koronapandemien på verdsbasis, har Sandnes barnehage kunne oppretthalde ei tilnærma normal drift – noko vi er svært glade for. Januar starta opp med smitteverntiltak på gult nivå, men grunna lågt barnetal gav helseavdelinga i kommunen oss løyve til å rekne heile barnehagen som éin kohort. Dette har vore ein viktig faktor i samband med drifta av barnehagen, og gitt oss ein kvardag nokså lik slik vi kjenner den frå før pandemien. Heilt på tampen av mai fekk vi gå over til smitteverntiltak på grønt nivå.

I 2021 har vi arrangert og delteke på ei rekke fleire arrangement enn i 2020. Allereie på våren fekk vi første invitasjon til «Ut i naturen med litteraturen», og fleire gongar fekk vi høyre på Signe Marit Bysheim Krossøy og Kjellaug Bolset Strand som las høgt for oss på Botneset.



Å flytte lesestunda ut mellom mose, steinar og tre har i seg sjølv ein fortryllande verknad på borna. Når vi på same tid får lytte til dyktige, engasjerte lesarar, vekkjar det nysgjerrigheita i oss, anten ein er 2, 5 eller 50 år. I september vart 4- og 5-åringane invitert over til Nordbygda skule for å delta på ei musikalsk teaterframføring basert på Ingebrigt Davik sine tekstar. Framføringa var arrangert av Masfjorden folkebibliotek i samarbeid med den kulturelle skulesekken.

I samband med Brannvernveka fekk barnehagen lov til å invitere lokale brannkonstablar på besøk, og med seg hadde dei brann- og redningsbilar. Å få vere arena for slike tette møte mellom borna og nærmiljøet rundt oss er av stor og viktig betydning.

I november fekk vi arrangere vårt første foreldrearrangement sidan pandemien starta, og den tradisjonelle FORUT-kaféen gjekk av stabelen akkurat slik vi kjenner den frå tidlegare. Foreldre og besteforeldre stilte opp og etter

endt aksjon kunne vi sende over 6000 kr til barneaksjonen.

I desember var småbarnsavdelinga Sønnvind på eit staseleg gardsbesøk til Busdalen gard – og barna fekk eit nært møte med både kaninar, høner og geiter. Vi avslutta året med å eit storvegs besøk av Nisse-Knut og hans nisseshow – til ellevill begeistring for borna!



Samarbeid

Samarbeidet mellom Masfjordbarnehagane har vore prega av færre fysiske, men fleire digitale møtepunkt. Gjennom pandemien er det mange tilsette som har styrka sine digitale ferdigheiter i samband med samhandling. Også når det har vore opna opp for fysiske møte ser ein nytteverdi av å møtast i digitale rom. Digitale møteplassar kan vere fagleg lønsamt då det gir auka moglegheiter til å kopla på rette fagfolk på kort varsel. På same tid sparar ein tid og pengar ved å reise mindre når det er føremålstenleg å møtast digitalt.

Våren 2021 hadde vi berre eitt førskulebarn og det var gledeleg at vi fekk høve til å reise på bading saman med 1.- og 2.klasse ved Sandnes skule. Slike samarbeid er med på å gjere overgangen frå barnehage til skule tryggare, særskilt når ein byrjar på skulen aleine. Hausten 2021 fekk vi igjen lov til å møtast på tvers av oppvekstområda, og våre tre førskulebarn fekk reise på bading med førskuleborna i Nordbygda- og Indre Masfjorden barnehagar. Saman åt vi også lunsj i barnehagen på Matre, og slik startar kjennskap som også blir viktige vidare inn i Masfjordkulane. Barnehagen har også gjennom 2021 samarbeida godt og jamleg med PPT, helsestasjonen og barnevernet.

Investering

Fleire av leikeapparatene på barnehagen sitt uteområde er prega av råteskader og slitasje og det er behov for ei oppgradering av nye apparat. Barnehagen har opplevd eit stort kutt i vedlikehaldsbudsjettet, noko som gjer det utfordrande å oppgradere uteområde slik det har trong for. Men lyspunkt er det alltid – og på våren 2021 kom den nye, flotte leikebussen på plass i barnehagen, designa og bygd av Steinar Stall på teknisk avdeling. Barnehagen kjøpte inn materiell og med dyktige kollegaer vert slike samarbeid mogleg. Vi har òg prioritert å kjøpe inn ei stor sklie til barnehagen – noko vi har drøymt om lenge. Sklia skal etter planen vere på plass ein gong på våren 2022 – og både born og tilsette ser fram til fartsfylt moro.

SKULANE

Sektoren skule i Masfjorden omfattar grunnskule, SFO, PPT og vaksenopplæring.

SFO- tilbodet blir gjeve av kvar einskild skule, delvis i samarbeid med barnehagane. I feriar og på skulefrie dagar er SFO i barnehagen så langt det er praktisk mogleg. På den måten får me brukt personalressursane mest effektivt.

LK-20 (Fagfornyinga) vart teken i bruk hausten 2020 for 1.-9. klasse, og for 1.- 10. frå 2021. Alle eksamenar vart avlyst 2021. Alle skulane har 1-1 PC- dekning for elevane og det går mot meir digitale læreverv. Det er vorte montert ei rekke digitale tavler i klasseromma i 2021 som bygger opp under den digitale læringa og digitale læreverv.

Skulane har i stor grad følgd dei nasjonale føringane for koronapandemien i 2021. Smittevernrettleiar frå UDIR og trafikklys- modellen er blitt følgd, slik dei nasjonalt har vore tilrådd. Ved eitt høve måtte ein skule stengast nokre få dagar ved lokalt smitteutbrot. Vi har hatt eit godt samarbeid med helsetenesta. Noko undervisning har dette året foregått ute. Elevar og tilsette har hatt fokus på å få til ei så god undervisning som mogeleg. Alle har bidratt med mykje kreativitet og god innsats, og alternative undervisnings- og møteformer har vorte nytta, når ein ikkje har kunne gjennomføra fysiske møter.

Skulane har fokus på elevane sitt læringsmiljø. Nordbygda og Matre skule har fått Rekomp- midlar til arbeid med analysekompetanse i samarbeid med




HVL. Det har vore vanskeleg å få til samarbeid med dei dette året, men midlane har vorte nytta godt.

Barn i SFO hausten 2021:

Matre skule:	9
Nordbygda skule:	25
Sandnes skule:	16

Det kom i 2021 ny Rammeplan for SFO.

I sommarferien samarbeider nokre barnehage og SFO om å halda ope. Barnehagane held stengd ulike veker, slik at det alltid er minst ein barnehage som er open. Alle skulane tilbyr leksehjelp.



Netto driftsutgifter til grunnskuleopplæring pr innb 6-15 år

Skulane

Etter krav frå statlege styresmakter vert det kvart år utarbeidd ein tilstandsrapport. Rapporten skal omfatta læringsresultat, fråfall og læringsmiljø og vert handsama av kommunestyret. Det vart i 2021 laga ei kvalitetsmelding for skule og barnehage, i staden for den obligatoriske tilstandsrapporten.

I 2021 reiste elevar frå Masfjorden på leirskule i Dyrkolbotn, dette var eit alternativ til UWC som ikkje kunne ta imot folk på Campus.

Felles prosjekt: Kommunen er framleis med i MOT. MOT-arbeidet er godt etablert på alle skulane og MOT-informatørane har ei god hand om arbeidet sjølv om ein i 2021 har måtte tilpassa seg nasjonalt nivå/trafikklys i høve samlingar og aktivitetar.

PPT-samarbeidet med Gulen og dei andre kommunane i Ytre Sogn og – Sunnfjord har vore som før i 2021. Det er Ytre Sogn og Sunnfjord PPT som har det faglege ansvaret for PPT i Masfjorden. Dei organiserer og disponerer kompetansen etter behov. PPT leverer eiga årsmelding. Samarbeidet med Ytre Sogn og Sunnfjord PPT vart avslutta 31.01.21 (Fensfjorden PPT frå 01.01.22)

Vaksenopplæring

Masfjorden kommune tilbyr norskopplæring til framandspråklege som for kortare eller lengre tid bur i Masfjorden. Opplæringa føregår på Alver vaksenopplæring i Knarvik, der vi kjøper teneste. Dette fordi vi har svært få elevar.

Me kan tilby vaksenopplæring/spesialundervisning for dei som etter lova har rett til slik opplæring. Dette er etter sakkunnig tilråding og enkeltvedtak, og vert organisert lokalt.

Elevtal og prognosar

År:	Matre skule	Nordbygda skule	Sandnes skule	Totalt
2018	62	96	64	222
2019	57	98	64	219
2020	51	92	67	210
2021	50	99	57	206
2022/23	50	104	47	200

MATRE SKULE

Koronaen har sett sitt preg på 2021. Reglane for avstand, kohortar, reinhald og hygiene er no godt innarbeidd. Men dei fleste er glade for i heile teke å få gå på skulen. Det er antydning til kvit vinter og me må berre innretta oss etter tilhøva så godt det let seg gjera. Dei første Vintermånadane er vanlegvis gode arbeidsmånader. Få avbrekk, innetid og høve til å jobba fag. Samstundes er elevane svært flinke til å gå tur, og for dei yngste er det også mykje uteskule. Kohortar inne og ute på tur går veldig fint. Men kohortar i friminutta fører ofte til frustrasjonar og elevane vert oppgitte og leie. Dei får heller ikkje leika med elevar dei ynskjer og må halda seg på eit bestemt område. Likevel må me seia at denne perioden gjekk bra. Me har små forhold, greitt å halda oversikta, og svært lite sjukdom blant elevar og tilsette.

Reglane for koronaen endrar seg noko framover våren, men alle større møte, foreldresamtalar og anna vert teke på Teams. Denne måten å møtast på er etterkvart godt innarbeidd. Grunna Covid 19 vert det heller ikkje noko felles sommaravslutning for elevane. Alt vert gjort i mindre grupper eller på trinna.

Nytt skuleår starta slik forrige slutta. Litt betre kanskje, og ein normal timeplan kan takast i bruk. 4 nye 1.klassingar kom inn i skulen og 3 avslutta etter 10 år. I tillegg til «ein ny elev» hadde elevtalet no auka med 2, altså 50 elevar på Matre skule. Framleis lågt med berre 17 elevar i ungdomsskulen. Det hastar med å ta nye grep når talet i ungdomsskulen hausten 2023 berre er 12 elevar. Me merka dette svært godt då me skulle setja opp ei førestilling (som me gjer kvart 3. år). Det var rett og slett for få elevar til å få dette til. Me måtte tenkja nytt.

Hausten går i «koronamodus»; avstand, hygiene, ekstra reinhald og kohortar når det var påkrevd. Me har nytta skuletida godt. Jobba fag og prosjekt og elles halde oss før oss sjølve. Litt rart, men vekene har gått og den «unormale kvardagen» har nesten vorte normal. Fokuset vårt har vore: me er heldige som har open skule, me er friske, me har gode nærrområde for å gå turar og vera ute, me hjelper kvarandre til å nå nye faglege mål.

Det vart ingen større samlingar eller juleavslutningar dette året heller. Andre alternativ til juleavslutning vart gjennomførte, og julegraut vart det også. Sommert vart 2021 også eit annleis år.

Fysiske tilhøve ved skulen

Nytt brannvarslingsanlegg kom på plass i løpet av sommaren 2019. Det var viktig og veldig bra. Men god opplæring for oss som har ansvar på huset gjenstår.

I gymsalen er det førebels montert opp ei varmevifte slik at det er mogeleg å vera der. Nye planar for oppdatering og etterisolering har starta opp januar/februar 2022. Dette omfattar heile fløyen som består av kjøkken, kunst og sløyd-avdeling. Forutan gymsalen har resten av barneskulen frå 1968 ikkje vore påkosta noko særleg bygningsmessig.

Vedlikehaldspersonell arbeider med å få oppgradert inngangsdørene på Matre skule.

Det mest alvorlege og krevjande prosjektet hjå oss gjeld trafikk-sikring. Av- og påstiging på skulebussen er skremmande dårleg og me opplever farlege situasjonar. Synfaring er gjort og planane byrjar ta form. Å få ei trygg og god ordning på plass her betyr meir enn nokon vil tru. Å gå i konstant uro er slitsamt. Desse tilhøva vart også avvik ved tilsyn av «Miljøretta helsevern».

Utstyr og læremidlar

Alle elevane frå 3-10.klasse har no sin eigen pc. Seinast er også head-set kjøpt inn og vil i første rekkje gå til elevar med særskilde behov. Me manglar nokre nettbrett for 1./2.kl. Desse har vore lenge i bestilling. Leveringa sviktar. Oppdatering av utstyr vert ein fortløpande prosess på skulane.

Fleire lærebøker er digitale. Desse prøver me no ut i tillegg til at me har dei gamle bøkene. Me har ikkje kjøpt så mange nye lærebøker då dei framleis ikkje er oppdaterte. Men kombinasjonen digitalt og eldre bøker fungerer. Det er kjøpt lisensar til dei fleste fag, og me vurderer fortløpande kvaliteten.

For dei minste elevane har me kjøpt inn eingongsbøker og i tillegg ulike lisensar som dekkar dei fleste fag. Her er me godt nøgde. Matre skule kom inn i eit De-komp-prosjekt saman med NLA. Prosjektet bar namnet «Analysekompetanse» og det følgde med midlar. Av ulike grunnar kom dette prosjektet ikkje i gang, men me har blant anna investert i interaktive tavler og head-set for noko av desse midlane. Dei fleste klasseromma har etter kvart fått bra IT-utstyr. No ventar lærarane på god opplæring på det nye utstyret.

Ressursar

Matre skule har ein svært stabil lærarstab. Lite sjukdom er vanleg hjå oss, men godt utpå hausten nådde hoste, sår hals, snusfing og feber også oss. Då kom også vikarutgiftene. I tillegg hadde me ein tilsett ute i permisjon. Vikarbehovet vart løyst med samanslåing av klassar/grupper og at rektor har teke meir undervisning. Elles er tilsette svært fleksible som går inn der det er behov. Der fleire klassar er samanslegne vert det praktisert tolærar-system. Me har dyktige spesialpedagogar og eit godt samarbeid rundt elevane. Elevane melder at dei er trygge og vert sett. På assistentsida har me hatt ein god del vikarbehov. Det har vore vanskeleg å få til gode løysingar over tid. Dette er svært frustrerande og tidkrevjande. Fråversårsakene er mange. Me har gjort så godt me kan for å skjerma sårbare barn.

Utsikter framover

Som sagt før har Matre skule lågt elevtal. Særleg bekymringsfullt er det for ungdomsskulen. Desse elevane treng fleire å spela på, fleire å samarbeida med. Gode idear og løysingar må på plass raskt. I 2022 startar barnehagar og skular idemyldring og samtalar om korleis dette kan gjerast. Politikarar og andre må også på bana. Me som arbeider i skulen ser at slik kan det ikkje vera. Og då tenkjer me elevane sitt beste. Økonomien er ei heilt anna sak. I barneskulen fungerer det betre med små grupper. Her er det gode høve til tett og god oppfølging, og ein fangar fort opp om nokon treng noko ekstra. Ein har oversikt, ser alle og kan få på plass

NORDBYGDA SKULE

«Opplæringa skal opne dører mot verda og framtida.»

Denne flotte visjonen finn ein i første setning av opplæringslova. På Nordbygda skule freistar me å ha dette poetiske målet med oss i skulekvardagen.

Smitteverntiltaka gjennom 2021 har prega drifta på mange måtar. Krava om at ein skal halda seg heime dersom ein kjenner seg sjuk, har gitt stort elevfråvær og fråvær hjå dei tilsette gjennom heile året. Det var ei merkeleg stemning på skulen då me ein dag i juni fekk grønt trafikklys og kohortane vart oppløyst. Me opplevde elevar som oppførte seg som nysleppte kalvar på beite: Får me verkeleg lov å springa rundt kvar me vil på skuleplassen? Det er eit tankekors at dei yngste elevane våre aldri hadde opplevd denne fridomen før!

Implementering av dei nye læreplanane er hovudsatsingsområdet for oss på Nordbygda i åra som kjem: Kva undervisningsmetodar kan me nytta slik at elevane våre ser dei **opne dørene mot verda og framtida?**



Digital kompetanse er eit område som det er sett fokus på i dei nye læreplanane. Me er glad for at me i løpet av 2021 har hatt høve til å investera i digitale tavler til alle klasseromma. Desse er eit svært godt supplement til elevane sine datamaskiner, og dei digitale læremidla me no nyttar på alle trinn. Ei annan stor investering i 2021 var oppgradering av dei 12 sikringsskapa på skulen. Både klasseromma og administrasjonsavdelinga treng sårt til oppussing, og me har von om at dette arbeidet kan starta i 2022.

Elevrådet har i lag med ein lærar, ein gut i 10. klasse og rektor laga ny skulelogo og nytt motto for skulen. Som ein ser har logoen designelement frå linjal, gradskive, blyant og bok i tillegg til inspirasjon frå kommunevåpenet til Masfjorden. Skulen sitt nye motto er «KUNNSKAP og VENNSKAP».



SFO er ein populær og kjekk plass å vera for dei yngste elevane våre. Trass i kohortar og andre restriksjonar har ein prøvd å driva tilbodet som vanleg. Ein har valt å vera ekstra mykje ute i frisk luft gjennom det siste året, og SFO har mellom anna hatt eit prosjekt med dyrking av fargerike gulrøter, søte neper og knasande sukkererter.

Det tradisjonelle Julespelet vart også i 2021 ein intern framsyning for tilsette og elevane. Grunna smitteverntiltaka kunne me heller ikkje i år invitera føresette og bygdefolket slik tradisjonen er. Det er kjekt å sjå korleis elevane gjer sitt beste når det gjeld!

Foreldra ved Nordbygda skule gjer eit viktig arbeid for skulemiljøet både gjennom FAU, men og også i det daglege. FAU har også i år sytt for juletre og koka julegraut slik at dei 102 elevane våre fekk ein stemningsfull inngang mot høgtida. I tillegg har foreldreutvalet hatt to dugnadsdagar i vår der uteområdet fekk fin oppgradering.

I hausthalvåret har me hatt fokus på det tverrfaglege temaet «Folkehelse og livsmeistring». Me har eit særst godt samarbeid med skulehelsetenesta som bidreg med ulike opplegg og tilbod som støttar opp om det å læra å meistra livet på ein god måte. Dette er nokre av opplegga: «Psykologisk førstehjelp» for 2., 5. og 8. klasse, «Uke 6» for U-skulen, «Livet og sånn» og «Vold og overgrep i nære relasjonar». I tillegg har me eit godt samarbeid med politiet gjennom programmet «Delbart». Ungdomstrinnet har teke del i utprøving av undervisningsopplegget «Stopp seksuell trakassering» i samarbeid med forskingsinstituttet NORCE. MOT-programmet til kommunen bidreg også inn mot temaet «Folkehelse og livsmeistring».

SANDNES SKULE

I overordna del av læreplanen står det mellom anna:

Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Vi har ei flott elevgruppe ved skulen vår som ved ulike aktivitetar og opplevingar gjennom året har øvd nettopp på dette.

Grunnskuleveka vart gjennomført like før sommarferien. Den gav rikeleg rom for utfaldingar og engasjement. Strandrydding, bygging av bru, utforming av digilab, målingsarbeid, grønsakhage og ulikt arbeid i skog og inne og ute på skuleområdet var noko av det som stod på programmet.



Koronapandemi i skulen kan somme gonger opplevast som å «køyre slalom». Nokre gongar har vi kome i mål, andre gongar har vi køyrt ut... Det betyr at noko som var planlagt og vi gledde oss til kanskje måtte avlyst. Elevane våre har likevel delteke på ulike aktivitetar og arrangement både ved og utanfor skulen gjennom heile skuleåret. Her kan nemnast: Skidag på «Gamlesetra» og ulike skiaktivitetar i nærmiljøet. Tine-stafetten vart tradisjon tru arrangert i mai, der 1.- 4.kl har sitt eige stafettløp. Fellesskapskjensla og det å heia på kvarandre er viktige verdiar i kvardagen. Felles fjelltur for heile skulen som ein samanrislingstur i august er også svært verdifullt. Epos hadde si siste vitjing på Masfjordnes sist haust.



Skulen samarbeider med barnehagen. Det er viktig å sikre ein god overgang frå barnehage til skule, noko som vert vektlagt. Våre nye førsteklassingar skal kjenne seg inkludert frå første dag. I desember fekk både borna i barnehagen og elevane i 1. – 5. klasse oppleve eit nisseshow med Nisse-Knut. Vi ville så gjerne vere saman, men dei nasjonale råda førde til at vart det show kvar for oss.



Rom for å invitere føresette til skulen har vore svært avgrensa. Likevel vart der ei luke i haust då kulturskulen arrangerte huskonsert. Elevane våre fekk vist kva dei hadde lært den siste tida. Svært imponerende å oppleve meistring og engasjement. Vidare vart det arrangert bingo ved skulen til inntekt for TV-aksjonen, «Barn ikkje brud». Skule og heim fekk på denne måten ei fellesskapskjensle med alle andre i Noreg som bidrog til det viktige arbeidet.

BARNEVERN

Personalstatus

Barnevern har 5 stillingar i 100%
2 av dei tilsette har hatt 20 % permisjon. For dei har me hatt inne vikar.

Dette året har bydd på store omveltningar i tenesta; personalmessig, og i samband med korona- restriksjonar, krevjande saker, førebuing til ny reform og nytt lovverk. Dei tilsette har strekt seg langt og har måtta prioritere arbeidet på andre måtar pga. restriksjonar kring Covid-19

Oppgåveløysing/resultatvurdering

«Gulen og Masfjorden barnevernteneste med barn i fokus» er visjonen vår. Barna har ein sentral plass i alt vi gjer. Tenesta har vore operativ heile året, og ein har laga arbeidsrutinar i samsvar med gjeldane reglar kring Covid-19.

Barneverntenesta har eit høgt fagleg fokus og alle er særst fleksible på arbeidstida. Det å styrka tenesta med ein tiltaksarbeider har gjort at ein kan arbeide meir strukturert med rettleiing som heimebasert teneste.

Vi er med i to læringsnettverk, eit som er metoderetta saman med Hafs og Høyanger. Her er NORCE med frå kompetansesentra og Sandnes barnevern har hatt opplæringa. I 2022 vil vi arbeide med implementering.

Det andre prosjektet har vi saman med Sunnfjord, Bremanger og Hafs. Her skal vi finne løysingar og rutinar for korleis kommunane skal ha oppfølging av forsterheimsarbeidet som Bufetat har hatt før 01.01.22, jmf ny lov.

I 2021 behandla vi 29 meldingar i begge kommunane. 15 i Masfjorden og 13 i Gulen. Statsforvalter har tett oppfølging med kommunane. Meldingsinnhaldet har endra seg og ein undrar seg om noko er korona- relatert. 41 born har fått eitt eller fleire tiltak frå oss i løpet av 2021. Vi har hatt avvik på ein dag i undersøkingstida, og har utvida undersøkingstida i ei sak. Dei fleste tiltaka har vi utført sjølve, og har iverksett to omsorgstiltak.

Vi har hatt oppfølgingsansvar for tre fosterheimar. Vi har heimebaserte tiltak som vi utfører sjølve, desse er meir intensive og vi arbeider for å skape endring. Lova har endra seg frå «tilstrekkeleg god nok omsorg» til alle barn skal ha «god utviklingstøttande omsorg». Korona- tida har gjeve utfordringar på å gjennomføre tiltak etter gjeldane smittevernreglar til ei kvar tid.

Vi er med i styringsgruppa til to læringsnettverk i Vestland. Heile tenesta har delteke i det ein prosjektet – «På golvet». Dette læringsnettverket har vi fått fullfinansert frå Bufdir og er saman med Høyanger og Hafs, samt helsesjulepleiarar i Fjaler og Masfjorden. Dette er og tenkt inn i reforma og inn i den førebyggjande planen til kommunane, som skal virke frå 01.01.22.

Vi har vore på besøk i fleire barnehagar og vi har delteke på personalmøte og foreldremøte.

Vi var med i tenestestøtteprogrammet frå RKBU saman med Osterøy, Vik, Hafs og Balestrand.

Vi har hatt eitt rådmannsmøte og eitt møte med ordførar, oppvekstleiar og omsorgsleiar der tema var ny oppvekst/barnevernsreform

Tilstandsrapport vart lagt fram til kommunestyre i Masfjorden.

Utfordringar/utviklingsperspektiv

- Ny barnevernlov og kommunereform frå 01.01.2022, inneber endringar i det forebyggjande arbeidet på tvers av dei kommunale tenestene. Reforma vart kalla barnevernreform og så kalla oppvekstreform. Kommunaldirektør Oppvekst har starta å lage ei oversikt over det førebyggjande arbeidet i kommunen og med den kommunale planen for førebyggjande oppvekstvilkår for barne og unge. Barnevernet er ein del av denne gruppa/prosjektet. Kommunane vil bli utfordra på å etablere eigne tiltak. Bufetat skal ikkje levere tiltak til kommunen som før. Bufetat kan hjelpe med ungdomsfamiliar, institusjon, Familieråd, MST og FFT. Eigenandel for å kjøpe tiltak er tatt vekk, og kommunane må betale tiltaka dei treng sjølve.
- Kompetansekrav frå Bufdir
- Vere med å lage plan for førebyggjande arbeid for barn og unge i Gulen kommune, der komm.dir Oppvekst er leiar for planen.
- Barnevernsvakt – Alver kommune har ikkje handsama saka i kommunestyret. Dei har sagt at det kan vere aktuelt i februar-mars.
- Kompetanseheving gjennom læringsnettverka vi er med i.
- Arbeide med vurderingar i dokumentasjon
- Ha fokus på barna si stemme i alle faglege vurderingar - sluttrapport, vedtak og tiltaksplanar



NAV FENSFJORDEN

NAV Fensfjorden er eit vertskommunesamarbeid mellom kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen. Masfjorden kommune er vertskommune og NAV-kontoret ligg på Hostelnd i Masfjorden. Det jobbar totalt 16 personar ved kontoret fordelt på 13,8 årsverk og vi yter tenester til innbyggjarane i alle 5 kommunane.

Målet med å etablere ei interkommunal NAV-teneste for delta-karkommunane er å styrkje kompetanse og sikre stabilitet slik at brukarane får tenester med god kvalitet. Vi jobbar med kontinuerleg forbetring og brukar lean-metodikk for å sikre høg kvalitet på tenestene vi leverer.

Prosjekt

NAV Fensfjorden har to prosjekt støtta med midlar frå Statsforvaltaren i Vestland.

- Prosjekt Marknadskontakt i NAV vart tildelt i mars 2019 og går fram til oktober 2022. Formålet er å knytte personar som mottok sosialhjelp opp mot ordinært arbeidsliv. Målgruppa er personar som mottar sosialhjelp som hovudinntekt, flyktningar som deltek i introduksjonsprogram, ungdom som sluttar på vidaregåande skule og personar som treng hjelp i overgangen soning i kriminalomsorga og over i arbeid.
- Prosjekt Ansvarleg ungdom vart tildelt i mars 2021. Formål er forebyggjande økonomisk rådgjeving for ungdom for å hindre at dei pådreg seg unødvendig gjeld. Målgruppa er ungdom frå 10. kl og opp til 25 år. I dette prosjektet skal NAV delta i undervisning på vidaregåande skule, i ungdomsskule eller andre stader der ungdom treffast.

Kompetanseheving

NAV Fensfjorden har teke i bruk rettleiingsprogrammet «Alt det eg er». Dette er ein av dei tiltaka som er sett i verk for å få til betre brukarmøte i NAV. I tillegg har vi rettleiing for tilsette og støttar vidareutdanning i rettleiingsfaget. Vi deltek jamnleg på statsforvaltaren sine nettverkssamlingar der vi kan dele erfaring og gode ideaar med andre kontor i fylket. Vi har og tilsett som tek vidareutdanning innan økonomisk rådgjeving. I region Nordhordland har vi felles fagsnuttar kvar veke slik at alle tilsette får eit jamt påfyll med kompetanse.

Internasjonal erfaringsutveksling

I haust fekk NAV Fensfjorden besøk frå ein delegasjon på 8 personar frå Estland. Dei var ein del av eit Nordisk- baltisk mobilitetsprogram for Offentleg administrasjon. Dei hadde ein dag på besøk på Helsehuset i Knarvik der Alver kommune var vertskap. Hos NAV Fensfjorden fekk dei orientering om ungdomsarbeid i region Nordhordland og korleis vi samarbeider med næringsliv for å sikre læreplass til dei som ynskjer det. Dei fekk omvisning på helseavdelinga til Masfjorden kommune og fekk sjå korleis ein har lokalisert fleire kommunale helsetenester slik dei har gjort i Fensfjordbygg.

Karrieremesse

Saman med Gulen og Masfjorden utvikling arrangerte NAV Fensfjorden karrieremesse i Sløvåg i midten av november. Mykje optimisme å spore hos dei mange arbeidsgjevarane som stilte opp for å informere ungdom som skal velje utdanning og yrke og arbeidssøklarar på jakt etter ny jobb. Det er eit stort behov for arbeidskraft i vår region dei kommande åra og med totalt 19 stands og omlag 150 besøkande kan vi slå fast at karrieremessa vart særers vellukka.

Tryggleiksarbeid

I NAV er det stort fokus på tryggleiksarbeid. I dette arbeidet ligg både utforming av lokala våre og korleis vi møter dei som treng hjelp. Dei beste møta er dei som er planlagde. God samhandling med andre instansar er viktig for å gje best mogleg hjelp til dei som treng det.

Teneste 2810 økonomisk sosialhjelp

NAV Fensfjorden fylgjer dei rettleiande statlege satsane for økonomisk sosialhjelp. Tabellen viser utviklinga i satsane dei to siste åra.

	2020	2021
Einsleg	Kr. 6 250	Kr. 6 450
Ektepar/sambuarar	Kr. 10 450	Kr. 10 800
Person i bufellesskap	Kr. 5 250	Kr. 5 400
Barn 0 - 5 år	Kr. 2 750	Kr. 3 150
Barn 6 - 10 år	Kr. 3 150	Kr. 3 250
Barn 11 - 17 år	Kr. 4 100	Kr. 4 250

Rekneskapen syner denne utviklinga på økonomisk sosialhjelp:

	2020	2021
Yting til livsopphald - Masfjorden	1 406 899	1 055 541

Det er grådigg kjekt å kunne invitere til ei karrieremesse der me igjen kan gå rundt og preike med lokale bedrifter! **Gulen og Masfjorden Utvikling** og NAV inviterer til karrieremesse i Sløvåg tysdag 16.11. og inviterer alle som er på veg ut i arbeidslivet, som snart skal velje... Se mer



Velkommen til karrieremesse på Vidsyn, Sløvåg.
Tysdag 16. november, frå 16.00 - 18.30.

Ti. 16. NOV. KL. 17:00 UTC+01
Karrieremesse - Gulen og Masfjorden

SKAL ▾

HELSETENESTA

Helsesjukepleiar- tenesta

Helsesjukepleiar- tenesta i Masfjorden har vore inne i ein periode med endring det siste året. Frå januar til og med mars arbeidde Marta Midtbø som leiande helsesjukepleiar og var tilsett i 80 % stilling; 60 % i Masfjorden og 20% i Modalen. Frå april 2021 arbeidde Marta Midtbø kun i Modalen i 20 % stilling. Sjukepleiar Ida Eide var fram til mars tilsett i 80 % prosjektstilling og jobba ved helsestasjonen og i skulehelsetenesta. Randi Ulvøy har jobba som helsesjukepleiar i 80 % stilling gjennom heile året, og frå april tilsett som leiande helsesjukepleiar. Psykiatrisk sjukepleiar Anne Hilde Haveland ble i mai tilsett i 100 % prosjektstilling og arbeider i skulehelsetenesta. Helsesjukepleiar Laila Mjånes vart tilsett i juni i 100 % stilling som helsesjukepleiar på helsestasjonen og i skulehelsetenesta. Ho gjekk ut i svangerskapspermisjon i oktober.

I mai 2021 fekk Marta Midtbø tildelt sjukepleiarprisen for 2020 i Vestland. Marta har utmerka seg som ein god ambassadør for sjukepleiarfaget. Ho har i ei årrekke vert pådrivar for å utvikle gode helsetjenester for innbyggjarane i Masfjorden. Marta har sett tydelege spor etter seg på fleire område og har hatt ein spesiell forkjærlyhet for arbeidet med barn, unge og deira familiar. Marta har vore ein leiar som gjer andre gode, og har vore ein fagleg trygg og dyktig rettleiar og kollega for andre i tenesta. Helsestasjonen og skulehelsetenesta i Masfjorden hadde ikkje vore den same utan Marta. Tenesta ynskjer ho lukke til som «pensjonist.»



Jordmortenesta

I jordmortenesta er Valborg Nes tilsett i 20 % stilling. Ho er i Masfjorden ein dag i veka, kvar onsdag. Masfjorden sel jordmortenesta til Gulen kommune i 10 % stilling. Dei gravide går til jordmor i Masfjorden.

Helsestasjon

Helsestasjonen er samlokalisert med legekantoret i nye Fensfjordbygg på Hosteland. Her trivs me veldig godt.

Helsestasjonen tilbyr tett oppfølging frå fødsel og framover mot 5- års alder etter gjeldande retningslinje for tenesta. Fleire av dei fødande reiser tidlegare heim frå sjukehus. Dette medfører auka

behov for fleire heimebesøk etter fødsel. Helsestasjonen tilstreber å tilby to heimebesøk til alle med nyfødde barn i Masfjorden, desse heimebesøka vert gjennomført av helsesjukepleiar. Helsestasjonen i Masfjorden er godkjent som ammekyndig helsestasjon. Vanlegvis har helsestasjonen i lag med kommunefysioterapeut Lene R. Danielsen arrangert småbarnstreff kvar månad, men på grunn av korona har ikkje dette vore mogeleg å gjennomføre på vårparten i 2021. Hausten 2021 har me hatt småbarnstreff i Klubbhuset på Hosteland. Her har det vore betre plass og mogleg å gjennomføre småbarnstreff på ein god måte. Her er det eit fagleg tema frå fagpersonane, etter ynskje frå føresette. Helsestasjonen har kompetanse til å tilby forelderrettleiingsprogramma COS (Circle of security), ICDP (International Child Development Programme) og PMTO (Parent Management Training Oregon). Det har ikkje blitt gitt tilbod om dette i gruppe i 2021 grunna korona, men dette vert og nytta inn i enkeltkonsultasjonar. I løpet av 2021 har Randi og Laila saman med barneverntenesta delteke på opplæring i «På gulvet» og er blitt sertifiserte rettleiarar. Dette er eit verktøy for å styrka foreldra si forståing av barna sine fysiske, sosiale og emosjonelle behov.

Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta tilbyr vaksinasjon, samtalar og vekstkonsultasjonar på skulane etter gjeldande statlege retningslinjer. I 2021 har skulehelsetenesta hatt faste dagar på skulane. Auka tilgjengelegheit har ført til at fleire elevar, foreldre og lærarar tek kontakt med skulehelsetenesta. Prosjektmidlar gjer det mogeleg å vera meir tilgjengelege, og å gje meir undervisning i klasse og gruppe. Skulehelsetenesta har i 2021 tilbydd undervisning i psykologisk førstehjelp til alle i 2.-, 5.- og 8.klasse. Det har vore gute- og jentegrupper ved fleire trinn på nokre av skulane. I tillegg har det blant anna vore undervisning om vold og overgrep, pubertet til 5.-7. klasse, og seksualitet på ungdomsskulen. Skulehelsetenesta har også hatt markering av Verdensdagen for psykisk helse med eit undervisningsopplegg med temaet «Livet under og etter ein pandemi.»



Miljøretta helsevern

Helsestasjonen har tilbydd influensa- og pneumokokkvaksinerings til risikogrupper, målgrupper og andre som ynskja vaksine. Det har vore vaksinedagar på Matre, Hosteland og Sandnes.

Korona

Som for dei fleste andre har korna prega arbeidet og ført til endra arbeidsoppgåver i periodar. Det har vore naturleg at helsesjukepleiarane har delteke i smittevernarbeidet kring pandemien då dette er definert som helsefremjande og førebyggjande arbeid. Dei tilsette på helsestasjonen har i periodar arbeidd med blant anna testing, smittesporing, planlegging og rettleiing i smittevern både for private og kommunale instansar. Helsesjukepleiarane har vore aktive i planlegging av vaksinerings mot korona. I tillegg har helsesjukepleiarane vore ein ressurs med tanke på koronavaksinasjon både for vaksne og elevar på skulane.

Reisevaksinerings

Helsestasjonen gjev tilbod om rettleiing og vaksinerings når innbyggjarane har behov for det. Det har vore mindre reising det siste året og derav mindre behov for reisevaksinasjon. Helsestasjonen gjev elles tilbod om oppfriskingsvaksiner og spesielle vaksiner knytt til arbeid.

Tverrfagleg samarbeid

- Samarbeider tett med andre i helsetenesta for å få rett hjelp til barn/unge tidlegast mogleg.
- Deltaking i ansvarsgrupper, koordinator for enkeltbarn som har individuell plan. Følgjer desse barna til dei er 18-20 år gamle.
- Fast samarbeid med barnevern. Tett samarbeid i enkeltsaker.
- Tett samarbeid med barnehagane i kommunen både på generelt plan og i enkeltsaker.
- Fast samarbeid med PPT både i familiesaker og i oppfølging av barn med psykisk-, sosiale-, og lærevanskar.
- Samarbeid med psykisk helse i kommunen i enkelte saker.
- Samarbeider med BUP- Nordhordaland i oppfølging av tilviste barn/unge og kan konsultere BUP ved behov for rettleiing i enkeltsaker. Helsesjukepleiarane har hausten 2021 delteke i rettleiingsgruppe på BUP saman med helsesjukepleiarar i regionen.

Fysioterapitenesta

Fysioterapitenesta i Masfjorden kommune består av ein kommunal fysioterapeut tilsett i 100% fast stilling, og ein sjølvstendig næringsdrivande fysioterapeut med 100 % driftsavtale med kommunen.

Fysioterapeutane sitt kunnskapsfelt er kropp, bevegelse og funksjon. Fysioterapeuten har brei kunnskap om bevegelsessystemet sin oppbygging og funksjon hjå frisk og sjuk og om korleis fysiske, psykologiske og sosiale faktorar bidreg til helse og sjukdom. Målet med fysioterapi er å identifisera og optimalisera livskvalitet og bevegelsespotensial innanfor helsefremjande, forebyggjande, behandlande og rehabiliterande/habiliterande verksemd.

Kommunefysioterapeuten er tilsett i ei 100 % stilling. Kommunefysioterapeuten jobbar mest med aldersgruppa 0-18 år, funksjonshemma, heimebuande eldre og bebuarar på sjukeheimen.

Hovudoppgåver i tenesta er:

- Gje born/unge vaksne god habilitering /rehabilitering ved skade og /eller sjukdom som treng kort eller langvarig oppfølging. Det er eit tett samarbeid mellom helsesøster og kommunefysioterapeuten om born som har behov for oppfølging. Kommunefysioterapeuten har og eit tett samarbeid med hjelpemiddelansvarleg om hjelpemidlar til born/unge vaksne. Det er og eit tett samarbeid med personalet i Masfjorden bu- og aktivitetssenter om dei brukarane som er der. Det vert gitt informasjon og rettleiing i skule/barnehage der dette er naudsynt, anten på generell basis eller rundt enkelt born/elevar.
- Å gje behandling og legge til rette for rehabilitering for eldre som bur fast eller midlertidig på sjukeheimen etter å ha blitt utsett for funksjonsfall etter skade eller sjukdom. Det blir og gitt behandling til heimebuande eldre med funksjonsfall som har vanskeleg for å koma seg til fysioterapeuten av ulike årsaker.
- Helsefremjande og førebyggjande tiltak er td månadleg småbarnstreff i samarbeid med helsesjukepleiar, og trim på seniorstreff.
- Kommunefysioterapeuten har eit tett samarbeid med hjelpemiddelansvarleg i fht hjelpemiddelformidling og rådgjeving i hjelpemiddelsaker.
- Kommunefysioterapeuten deltek i Koordinerande eining KE, blant anna med tildeling av IP, utnemning av koordinator til aktuelle brukarar, og oppfølging av koordinatorar. Ein utfører informasjonsarbeid i fht rehabilitering/habilitering der det er naudsynt. Det er forvaltningskontoret som tar imot søknader og handsamar desse i samarbeid med resten av teamet. Fysioterapeuten er lokal administrator for det digitale verktøyet Sampro/Samspel som vert nytta til individuell plan for dei brukarane som treng det.
- Kommunefysioterapeuten er med i prosjektet «Heimetrening for kvardagshelse».

• I 2019 vart prosjektet «Trening for alle» starta opp. Dette er eit samarbeid mellom tenesta for psykisk helse, legekantoret og kommunefysioterapeuten. No er det ca 5-12 stk som møter opp kvar plass. I Nordbygda har me vekentlege møte på Hosteland måndagar ved idrettsbana kl 11.00. Våren 2021 vart det anlagt ein ny gangveg frå idrettsbana opp til fortauet langs hovudvegen. Denne har me brukt aktivt etter at den kom på plass. Det er pensjonistlaget i Nordbygda med Ivar Haukeland i spissen som har fått i stand dette, med økonomisk støtte frå





DAM-midlar via Pensjonistforbundet nasjonalt, Masfjorden kommune og eller lokalt næringsliv og lokale lag. Arne J. Riisnes som grunneigar har bidratt med grunn som vegen er laga på. Måndag 14. juni var det offisiell opning med snorklipping, korpsmusikk og talar ved idrettsbana.

På Sørsida møtes vi ved butikken på Kvingo tirsdagar kl 14.15. I Indrefjorden har helselaget tatt over drifta. Dei møtes på Haugsvær ved butikken tysdagar kl 10.30. Opplegget er at vi går tur og gjer øvingar for styrke og balanse tilpassa nivået til dei som deltek.

Det er viktig for kommunefysioterapeuten å jobbe tverrfagleg med andre yrkesgrupper for å sikre ei best mogleg oppfølging og betring i funksjon hjå den einskilde som har behov for det.

Kommunefysioterapeuten har vore ein pådrivar for bruk av Motiview- sykklane som er på Masfjorden Sjukeheim. Dei bebuarane som ønskte, og brukarar av dagsenteret deltok på Sykkel- VM for eldre hausten 2021.

Kommunen har og fire mobilesiklar som heimetenesta brukar i si teneste i samarbeid med fysioterapeuten. Dette er eit populært tiltak blant dei aktuelle brukarane.

Fysioterapeut med driftsavtale

Fysioterapeut Gro Serine Baarøy, som arbeidar med driftstilskot frå kommunen, heldt til i 2.etasje i Fensfjordbygg. Her tilbyr ho fysioterapi til i hovudsak unge og vaksne frå 16 – 90 år. Her kan ein få hjelp til mellom anna opptrening etter skadar eller operasjonar, behandling av ulike smerteplager, balansevanskar, redusert fysisk funksjonsevne, svangerskapsrelaterte plager eller psykosomatiske plager, samt rehabilitering ved langvarige og samansette helseplager.

Samlokalisering med legekontor, helsestasjon, psykisk helseteneste, heimeteneste, forvatningskontoret og NAV gjer at det ligg godt til rette for tett tverrfagleg samarbeid. Gro Serine har òg tett samarbeid med kommunefysioterapeut Lene, og dei fordeler pasientar utifrå retningslinjer dei har einast om i samråd med kommunen.

Gro Serine gjekk i slutten av året ut i foreldrepermisjon, og blir vekke til hausten 2022. I hennar fråvær vil ein møte fysioterapeut Mathias Stangeland, som vikarar i denne perioden.

Teneste for psykisk helse og rus

Masfjorden psykiske helseteneste gjev tilbod til brukarar i alle aldersgrupper og deira næraste.

I koronaåret 2021 har vi hatt litt tilpassa opplegg. Vi har i periodar ikkje møtt alle brukarar fysisk, men har hatt telefonkontakt med alle løpande.

Psykisk helse har 1,8 årsverk. Fagleiar psykisk helse og rus/spesialsjukepleier Dag Haarklau i 100% stilling og sjukepleiar Monica Rognved i 80% stilling. Frå 240820 har sjukepleiar Monica Rognved teke til med vidareutdanning psykisk helsearbeid på deltid over 2 år. I denne perioden vil ho jobbe ca. 50% stilling i psykisk helse.

Kommunepsykologstillinga har vore lyst ut, utan at ein pr dags dato har fått nokre søkjarar. Ein jobbar vidare med eit prosjekt for å rekruttere og halda på psykolog i kommunen. Dette er no eit interkommunalt prosjekt.

Informasjon:

På heimesida til Masfjorden kommunen er det lagt ut informasjon om det kommunale psykiske helsetilbodet; kva me gjer og korleis komme i kontakt med oss. Det er understreka at dette skal vere eit lågterskel- og gratistilbod. Her er også eit skjema ein kan nytte dersom ein ønskjer å sende skriftleg førespurnad.

Lokalitetar:

Psykisk helseteneste held til i Fensfjordbygg, 2. etg. Elles har vi tilgang på eit kontor /møterom i kommunehuset på Sandnes og i brakkebygg Matre, 2. etg.

Dei fleste brukarane reiser me heim til anten det no er av praktiske årsaker (har ikkje bil eller skyss) eller av di tilstanden deira tilseier at det er det beste. Å møte brukarane på heimebane kan i mange tilfelle vera nyttig.

Brukarane:

Psykisk helseteneste har kontakt med brukarar og pårørande der problematikken er av svært ulik alvorsgrad og omfang. Me har kontakt med menneske med lettare psykiske lidningar, livskriser, familiekonfliktar, samansette vanskar, sorg, traumar, rusproblem, tung psykiatri med meir. Tenesta arbeider såleis både med kartlegging, behandling av kortare varigheit, hendvisning til spesialisthelseteneste og langtidsoppfølging av meir alvorleg problematikk.

Som tidlegare år har ein også i enkelte saker støtta med praktisk hjelp i samband med flytting, innkjøp av klede og mat, kjøring og følgje til helsetenester og anna. Dette er typisk knytt til menneske som er utrygge, har lite nettverk og er generelt sårbare. Desse har ofte ei varierende dagsform som gjer at det ikkje er så lett for ukjente å skulle bidra. Som eit ledd i å trygge brukarane, styrke relasjonen og bygge tillit kan slik praktisk hjelp og støtte forsvare ressursbruken.

Det er framleis flest vaksne som sjølv kontaktar eller vert sett i kontakt med psykisk helseteneste, men både Nav, barnevern, helsesøster og lege er gjerne kontaktledd.

Tverrfagleg arbeid

Psykisk helsetenesta jobbar tverrfaglege med pleie og omsorg, lege, barnevern, helsesjukepleiar og kriseteam i eigen kommune. Ein jobbar og tverrfagleg med spesialisthelsetenesta; Voksenpsykiatrisk Poliklinikk (DPS) og Barne og Ungdomspsykiatrisk Poliklinikk (BUP). Ein jobbar og interkommunalt i Fagråd for psykisk helse og rus med samling ca. annakvar månad. Her er alle kommunane i region Nordhordland representert.

Prosjekt

Psykisk Helse har starta opp tiltak med bassengtrening i Modalen for brukarar. Ein har fått ein god avtale med Modalen kommune. Vatnet i bassenget der held god varme som er gunstig for ein del av desse brukarane. Brukarar som ikkje har tenester frå Psykisk Helse, har og kunne delta. Dette tiltaket har vore ute av drift store deler av året fordi bassenget i Modalen har vore stengt, men vil verte teke opp att når bassenget opnar og ein har personalressursar til det. Psykisk Helse deltek og i prosjekt «Trening for alle», i samarbeid med kommunefysioterapeut. Her har ein tilbod om ein morgontur/-trening kvar veke i kvart bygdelag.

Helseavdelinga

Korona

2021 har også vore prega av pandemi, der testing, smittesporing, vaksinerer og arbeid med smittevern har prega mykje av arbeidskvardagen vår. I dette arbeidet har alle ved legekantoret og helsestasjonen vore involvert. I tillegg har det vore vanleg drift med konsultasjonar på legekantoret og helsestasjonen, både planlagde og elles det som har oppstått i løpet av dagen.

Me har arbeidd med rutinar og prosedyrar for smittevern etter råd og retningslinjer frå helsemyndigheitene. Desse har stadig vore i endring, og det har vore mykje arbeid med å halde seg oppdatert på alle endringane etterkvart som dei har kome. Det er gjennomført mykje digital møteverksemd ilag med den kommunale kriseleiinga, der blant anna vedtak og skriv frå helsemyndigheitene har blitt drøfta. I desse møtene har også lokale råd og retningslinjer blitt drøfta og utarbeida. I tillegg har det vore digitale møte kvar veke med Statsforvaltaren og andre kommunar. Me har gjennom året hatt eit tett og godt samarbeid med nabokommunar, spesielt Gulen kommune, då koronasmitte påvist i den eine kommunen ofte påverkar den andre kommunen. Kommunane har også lag og organisasjonar som samarbeidar på tvers av kommunegrensene, så å ha nokolunde like retningslinjer i desse to kommunane har vore viktig. Kommuneoverlege/smittevernlege Rolf M. Tande har hatt ei sentral rolle i alt arbeid med pandemien.

Det har vore jamn testing for Korona store delar av året, men periodar med mykje testing når ein har fått påvist korona i kommunen. Mot slutten av året blei det beslutta at sjølvtestar skulle nyttast meir og til dels erstatte pcr test. For å gjere sjølvtestane lett tilgjengeleg for alle innbyggjarane har me organisert utleveringsstasjonar i samarbeid med skular, kommunehus og heimetenesta.

Vaksinerer

I januar starta vaksineringa mot Korona i Masfjorden, og med lite tilgang på vaksiner i landet, måtte me følge strenge reglar frå myndigheitene på rekkefølgen for vaksinerer. Gjennomgang av innbyggjarlistene, kartlegging og prioritering for vaksinasjon, innkalling og vaksinerer har vore eit stort og tidkrevande arbeid gjennom heile året. I dette arbeidet har det vore eit veldig godt samarbeid mellom legekantoret, helsesjukepleiarane, heimetenesta og pensjonert helsepersonell. Dette, i lag med godt oppmøte frå innbyggjarane, gjer at Masfjorden kommune har oppnådd god vaksinedekning mot Korona.



Me vil takke alle innbyggjarane, både store og små, for det gode samarbeidet i arbeidet mot koronaen. De har fulgt råd og retningslinjer, både sentralt og lokalt, testa dykk ved symptom og hjulpet oss i smittesporingsarbeidet. Dette, i tillegg til godt oppmøte ved vaksinerer har gjort at Masfjorden har klart seg godt gjennom pandemien.



Legetenesta

Bemanning

Legekantoret har 3 kommunalt tilsette fastlegar, Rolf Martin Tande, Rolf Magnus Sleire og Willy Davidsen Raa. Tande og Sleire har begge spesialitet i allmennmedisin, medan Davidsen Raa er under utdanning som ALIS-lege, dvs lege under spesialisering i allmennmedisin. Sleire er også tilsynslege ved Masfjorden sjukeheim, medan Tande har funksjon som kommuneoverlege og smittevernlege. Ansvarleg lege for helsestasjon er Davidsen Raa.

Som ein del av drifta ved legekantoret har me også turnuslegar. Gjennom året har me hatt 2 turnuslegar som har vore 6 mnd kvar. I tillegg har me hatt 2 legestudentar, 6 veker kvar. Eit viktig tiltak med tanke på rekruttering av legar til kommunen og fastlegeyrket, er å tilby turnuslegar og studentar praksis hjå oss. Dette er også lærerikt og fagleg utviklande for legekantoret.

Av hjelpepersonell er me 3 tilsette; ein helsesekretær, ein bioingeniør og ein sjukepleiar. Gjennom 2021 har dette utgjort 3 årsverk.

Tenester

I hovudsak utfører legetenesta allmennmedisinske tenester i form av avtalte konsultasjonar. Legekantoret har også legevakt i kommunen på dagtid kvardagar, og tar imot pasientar med behov for akutt og øyeblikkelig hjelp. Dette inneber at legen kan få uforutsette akutte oppdrag som må løysast innimellom konsultasjonar, både på legekantoret eller at legen rykker ut på oppdrag. På kveld, natt og helg får Masfjorden kommune sine innbyggjarar legevaktstenester ved Nordhordland legevakt i Knarvik. Me kan også nytte deira teneste på dagtid dersom det er behov, eller det av medisinske årsaker er mest hensiktsmessig at pasienten reiser direkte mot legevakt og Bergen.

Fastlegen er ofte pasienten sin første kontakt inn mot helse-tenestene og er viktig i koordinering av pasienten sine behov for medisinske tenester. Fastlegen er også sentral i samarbeid med andre kommunale tenester, og deltek i tverrfaglege møte med tenester som NAV, psykiatritenesta, helsesjukepleiar, fysioterapeut og pleie- og omsorg. Samahandlingsreforma har gjort at fastlegen sine oppgåver har vorte meir omfattande, og spesialisthelsetenesta overlet no eit større behandlings- og oppfølgingsansvar til kommunane. Til no har Masfjorden kommune hatt tilgjengelege legeressursar til å gjere desse oppgåvene.

Økonomi

Me forventar eit overskot på legetenesta i 2021 på grunn av høgare inntekter enn budsjettert.

Hjelpemiddelenesta/Ergoterapi

Hjelpemiddelenesta/ergoterapitenesta i Masfjorden kommune består av ergoterapeut i 70% stilling som arbeider mandag- onsdag kvar veke, og torsdagar i hovudsak partalsveker, men dette kan endre seg ut frå behov, med kontor i kjellaren på Masfjorden sjukeheim. Stillinga er lagt under Helseavdelinga, men samarbeider med heile Helse og omsorg, teknisk avdeling og skule/barnehage ved behov.

Pasientkontakt 2021

2021 kan oppsummerast som eit travelt år, og utfordrande med tanke på pandemien som har lagt føringar for korleis vi har pasientkontakt. Det har gjennom heile året, trass nedstenging vore utført heimebesøk med innstramma smittevernstiltak for at innbyggjarar i Masfjorden skal få eit så godt tilbod som mogeleg.

Oppgåver som er ivaretekne av ergoterapeuten er blant anna

- Vurdere behov for hjelpemiddel hos brukarar som vert tilvist tenesta
- Vurdere funksjon og igangsette tiltak
- Bistå i bestiller-/utprøving-/søknadsprosses for hjelpemiddel gjennom NAV
- Utlån av hjelpemiddel frå korttidsslager
- Reparasjon og bestilling av deler til hjelpemiddel
- Vere tilgjengelig for Masfjorden sjukeheim sine brukarar mht hjelpemiddel i det daglige, v/utreise, formidling av hjelpemiddel og trening v/behov.
- Kurs, då særskilt i regi av NAV
- Kartlegging/rådgivning mtp nye omsorgsbustader
- Rådgiver i ulike saker som har med funksjonsutfordringer.

Brukergrupper som har fått tilbod om ergoterapi/hjelpemiddel:

- Born med behov for tilrettelegging, hjelpemiddel eller trening/oppfølging der ein ser utfordringar i dagleg aktivitet.
- Eldre heimebuande m/u hjelp frå heimetenestene
- Palliative pasientar
- Alvorleg skadde eller personar med plutsleg oppstått sjukdom som medfører nedsett funksjonsevne der oppfølging mht trening, hjelpemiddel, boligendring er avgjerande.
- Personar med behov for livslang oppfølging mht trening/hjelpemiddel
- Hørselshemma
- Synshemma

Samarbeidspartnarar, kommunalt og statleg:

Hjelpemiddelenesta samarbeider tett med teknisk avdeling og heimetenestene i Masfjorden kommune, skule/barnehage og Masfjorden sjukeheim. Teknisk avdeling er gode samarbeidspartnarar når det kjem til kartlegging, utlevering, tilpassing, reparasjonar og vedlikehald av tekniske hjelpemiddel rundt om i kommunen. Også representantar frå heimetenestene bestiller enkle hjelpemidlar frå NAV og er viktige samarbeidspartnarar for å få gode tilpassa løysingar for brukarane.

NAV Hjelpemiddelsenentralen i Vestland, avdeling Bergen er ein viktig samarbeidspartnar og legg føringar for korleis hjelpemiddelformidlinga føregår både statleg og kommunalt. Mykje av ergoterapeuten sitt arbeid går ut på å bistå innbyggjarar i Masfjorden kommune med å søke til NAV om ulike hjelpemiddel til bruk i kvardagen heime eller på skule. Det er ofte naudsynt å ta kontakt med NAV for rettleiing når det gjeld løysingar og ulike hjelpemiddel. God kartlegging, og å kjenne dei ulike hjelpemidla er viktig for å få gode løysingar for brukarane. Eit godt samarbeid med rådgjevarar og teknikarar på NAV, som bistår i å velje riktige hjelpemiddel ut frå brukarbehovet, hjelp til å bestille deler til defekte hjelpemiddel og diskutere løysingar og problem med fagfolk er viktig, og det kan vere tidkrevjande.

Statistikk frå NAV for 2021 viser desse tala for Masfjorden:

Tal aktive brukarar: 239

Tal brukarar med utleverte hjelpemidlar i perioden: 51

Tal nye brukarar i perioden: 6

Tal hjelpemidlar utlevert: 613

Student i praksis

I 2021 hadde vi for fyrste gong ergoterapistudent ved 1. året frå Høgskulen på Vestlandet. Studenten var tilknytt ergoterapi/hjelpemiddel og hadde praksis frå 07.04.21 – 20.05.21. Studenten deltok på heimebesøk, tok vurderingar med tanke på tilrettelegging heime, hadde ergoterapi-trening saman med innbyggjarar og søket/bestilte hjelpemiddel, deltok på samhandlingsmøte og brukermøte saman med interkommunale og statlege aktørar.

Kommunale prosjekt

Førebyggjande Heimebesøk: Det er andre år på rad at dette prosjektet vert utsett grunna smittevern. Det vert gjennomført i løpet av 2022, og det vert då inkludert dei som fylte 80 år både i 2020 og i 2021, samt 2022. Me ser fram til å starte opp att dette arbeidet.

Din kvardag tel, prosjekt kvardagshelse: I 2021 har dette prosjektet gått som planlagt men med fokus på smittevern. I løpet av 2021 var det ein innbyggjar i Masfjorden som nytta seg av tilbodet.

Hukommelsesteamet: Det har vore arbeidd med å opprette eit Hukommelsesteam i Masfjorden. Dette vart sett i drift i august 2021 og er eit lågterskilttilbod til innbyggjarar som opplever endringar mtp hukommelse. Tilknytt teamet er sjukepleiar frå legekantoret, sjukepleier frå heimetenesta og helsefagarbeidar/sjukepleiar frå sjukeheimen. Vi samarbeider tett med fastlege, pårørande og brukaren.

PLEIE OG OMSORG

Pleie- og omsorg omfattar drift av Masfjorden sjukeheim, Heimetenesta, inkludert Masfjorden Bu- og aktivitetssenter, omsorgsbustadane og Forvaltningskontoret.

Handsaming av søknader på tenester

Søknader om tenester vert handsama på Forvaltningskontoret for helse og omsorg i samråd med avdelingane som yter tenestene og tiltaksrådet.

Tenester vert tildelt i samsvar med BEON-prinsippet, best effektive omsorgsnivå. I tillegg har ein fokus på god dialog med brukarane for å sikre brukarmedverknad.


Koordinerande eining (KE) handsamar melding om behov for individuell plan/og eller koordinator. Dette gjeld brukarar som har behov for langvarige og koordinerte tenester.

KE er eit team leia av forvaltningskontoret.

Velferdsteknologi

Masfjorden kommune har frå 2017 fram til 2022 vore ansvarleg kommune eit interkommunalt velferdsteknologiprojekt, Vestlandsprosjektet. Dei samarbeidande kommunane har desse åra arbeidd med opplæring, tilrettelegging og innføring av velferdsteknologiske løysingar. Velferdsteknologiske løysingar er no ein naturleg del av tenestetilbodet, som er i drift både i Heimetenesta, Masfjorden Bu- og aktivitetssenter og sjukeheimen. Velferdsteknologiske løysingar i drift har omfatta tryggleiksalarmar med tilhøyrande sensorar som røykalarm og dørsensor, mobile tryggleiksalarmar med eller utan lokaliseringsteknologi med GPS, elektronisk medisindispenser, digitalt tilsyn i form av Roommate kamera og pasientvarslingsanlegget på sjukeheimen.

Målet med velferdsteknologiske løysingar har vore å medverke til at brukarane våre skal føla seg trygge, oppleve meistring og fridom med å kunne være meir sjølvstendige. Det er eigne ressurspersonar blant dei



Netto driftsutgifter pr innb. i kr helse- og omsorgstenesta

tilsette som administrerer løysingane og installerar utstyr. Ved tilrettelegging og etablering av velferdsteknologi i det nye Bu- og aktivitetssenteret har ein samarbeid med TML og IKTNH. Ressurspersonane rettleiar både brukarar, pårørande og tilsette i innføring og bruk av løysingane. Vestlandsprosjektet vart avslutta i 2021. Vidareføring og av nye prosjekt vil skje vidare i E-helse Vestland, som kommunen deltek i. Her får kommunen støtte og rettleiing til innføring av nye nasjonale satsingsområder innan velferdsteknologi.



Teneste i pleie- og omsorg	Tal på brukarar som har mottatt teneste i 2021
Praktisk bistand	62
Helsetenester i heimen	109
Dagsenter	1
Matombringing	43
Tryggleiksalarm	63
Lokaliseringsteknologo GPS	9
Elektronisk medisindispenser	7
Digitalt tilsyn	7
Støttekontakt	13
Avlastning i institusjon	8
Avlastning utanfor institusjon	11
Sjukeheimen	Tal på opphald i 2021
Kortidsopphald	48
Langtidsopphald	30
Dødsfall	9
Omsorgsbustadar	
Utleige	32
Ledige	2 på Hosteland pr. 31.12.2021
	1 av dei ledige på Matre er innreia til Koronabustad

Sjukeheimen

Sjukeheimen har totalt 31 rom med bad og 2 rom utan bad. Me har arbeidsstove/fellesstove som er open alle kvar dagar (med unntak av pandemistenging). På arbeidsstova/fellesstova er det også dag tilbod for heimebuande som treng dagtilbod og fellesskap. Sjukeheimen yter tenester til pasientar innan psykiatri, demens, rehabilitering, kreft, omsorg ved livets slutt og andre medisinske sjukdommar.

Mål for 2021 er å fortsette å vere ein 5- stjernes sjukeheim som ivaretek heile mennesket ved å gje god medisinsk behandling og meningsfylte kvardagar. Me ynskjer å yte gode individuelle tenester og service til både bebuar og pårørande. Det skal også vere ein god arbeidsplass for tilsette med eit godt arbeidsmiljø, godt samarbeid og fagleg utvikling.

Kva har vore særskilte mål for avdelinga, utfordringar – kva har ein arbeidd med?

2021 har vore eit spesielt år for oss, som 2020 også var. Covid-pandemien har prega kvardagen på sjukeheimen i året som har gått. Me har forsøkt å ha så normal drift som mogeleg, men i periodar når smitten har vore nært har me sett oss nøyde til å stenge sjukeheimen. Gleda vart kortvarig i haust då Noreg opna att, pandemien slo til og kom nærare innpå og me såg oss nøyde til avgrensning av besøk igjen og på tampen av året stenge sjukeheimen for besøk. Me vart spesielt bekymra for at bebuarar ved sjukeheimen skulle få viruset.

Personalet har i år som i fjor fått oppmoding om å ha minst mogeleg nærkontaktar og sosial deltaking. Etter kvart har dette blitt

normalen sjølv om me håpar på ein open og «normal» sjukeheim igjen snart. I høve fokusområde har Covid-19 og smittevern hatt ei sentral rolle i høve førebygging, akutte tiltak og fagleg oppdatering.

Marit Andersen Nesse er leiar for sjukeheimen og Tina Korsøen Fjellby assisterande leiar ved sjukeheimen.

Økonomi

I budsjettet er det eit overforbruk på sjukevikar/ vikarbyrå som me har sett oss nødt til å bruke og overtid.

Me har til saman hatt inne 4 personar frå vikarbyrå for å halde oppe normal drift og ferieavvikling. Det har gjennom 2021 vore unormalt høgt sjukefråvær, i tillegg kjem ferieavvikling, eigenmeldingar, velferdspolisjonar og born sin sjukdom. Covid-19 har også ført med seg fleire eigenmeldingar då det skal vere låg terskel for eigenmelding sjølv ved milde symptom. Fyrste del av året var det lavt pasientbelegg ved sjukeheimen, i perioden tok me inn minimalt med vikarar og me gjekk med mindre personale. Frå sommarhalvåret og fram mot jul har ein hatt jamt høgt belegg og det har vorte avhalde fleire korttidsopphald.

Det har også vorte gjort ein del ekstra innkjøp grunna Covid-pandemien og me har eit større utstyrlager enn vanleg.

Personalstatus

Det er 45 tilsette ved sjukeheimen: 11 sjukepleiarar (3 sjukepleiarar slutta hausten 2021), 23 fagarbeidarar, 10 assistentar og 1 lærling. Den eldste som arbeider her er 67 år medan den yngste er 17 år. I eit kvinnedominert yrke er me heldige og har 3 menn i faste stillingar.

I tillegg har me 2 merkantil (kontormedarbeidarar) og 1 aktivtør på arbeidsstova. Me har godt samarbeid med fysioterapeut, lege, heimetenestene og hjelpemiddelavdeling.

Året 2021 på sjukeheimen

I 2021 har det vorte stort fokus på smittevern og nytenking i høve Covid-19. Me lagde beredskapsplanar og eigen turnus i -20 i fall me skulle få smitte.

Brannøving i år vart halde digitalt, der personalet har teke brannvernskurs for institusjon på Veilederen.no.

Me har gjennomført to vernerundar, den fyrste med fokus på fysisk miljø og den andre med fokus på psykososialt miljø.

Me har gjennom heile året hatt fokus på god omsorg og fagleg forsvarlege tenester.

På Pleie 1 har me fått nytt kjøkken og medisinerrommet er flytta til nye større lokale.

Me har delteke på Motitec sitt arrangement «Sykkel VM for eldre», hatt bålpannekos i hagen, bakedagar, andakt, skulen og barnehagen har sunge til oss på utsida av sjukeheimen og me har fått pepperkakehus frå barnehagen m.m.

Dei fleste sosiale samankomstane me har tradisjon for å avhalde som basar, trekkspelestund, seniordans osv har i år også dessverre gått ut grunna Covid-19. Då det var lite smitte klarte me å avhalde konsert for bebuarar og brukarar av dagtilbod utan inviterte utanfrå, dette var stor stas. Me hadde også julebord for alle som var på jobb, bebuarar og brukarar av dagtilbod. Me har likevel forsøkt å gjere kvardagen så god som mogeleg

med aktivitetar arrangert av personalet.

I år har med hatt 78 korttidsopphald/avlastingsopphald, 30 har fått langtids plass, og det har vore 9 dødsfall ved sjukeheimen.



Kjøkkenet på sjukeheimen

Kjøkkenet ved Masfjorden sjukeheim har som mål å levere gode og næringsrike måltid på sjukeheimen og til dei som får levert middag heime. Kjøkkenet tilbyr og spesialkost til dei som treng det av ulike grunnar.

Det har vore mykje diskusjon rundt kor tid det beste tidspunktet for middagsservering er, både internt på sjukeheimen og i media. Her på sjukeheimen er det no praktisert to forskjellige tidspunkt. Pleie avdelingar ønsker middag kl 16.00 og brukarar på dagtilbod og dement avdeling får servert middag kl 1300. Me prøver å innfri det som er ønskeleg på best mogeleg måte.

Vi produserer mellom 50 og 60 middagsporsjonar kvar dag. Om lag 20 porsjonar blir pakka i porsjonspakningar før dei blir sendt ut og fordelt til heimebuande i Nordbygda og på Sørsida. Dei middagane som vi pakkar og sender ut til heimebuande er ferdig pakka til kl 1200.

Kjøkkenet lagar lunsj til pleieavdelingane til kl 1200. Middagen til avdelingane med sein middag blir laga ferdig og sett i varmevogn til den blir servert.

Vaskeri og reinhald

Mål: På vaskeri og reinhald ønskjer me å yte gode reinhaldstenester for bebuarar, pårørande/besøkande og dei tilsette på sjukeheimen.

Oppgåveløysing

På vaskeriet utfører me vask og handtering av privat og felles tøy til bebuarane, og dukar og gardiner til huset. Avdelinga vaskar også arbeidsklede til personalet på sjukeheimen, heimetenestene og legekantoret. Me utfører også mindre vaskerioppdrag for privatpersoner og småbedrifter. Me ordnar med merking av bebuarane sine privatklede, og mindre reparaasjonar av tøy.

Reinhaldarane jobbar etter ein reinhaldsplan som er faslagt for heile sjukeheimsbygget, som inneber alt frå dagleg reinhald til periodisk reinhald og vedlikehald.

Når bebuarane har bursdag lagar vi alltid bløtekake eller kake etter eige ynskje til den aktuelle avdelinga. Mors- og farsdagar blir også markert med kremkaker.

Kvar tysdag og torsdag lagar vi lunsj som personalet på sjukeheimen kan kjøpe. Det kan vere varm lunsj, brød, rundstykke eller horn med diverse pålegg. Me fekk gjennomført julelunsj i fjor og, til glede for bebuarar og tilsette som var på jobb.

Økonomi

På grunn av koronapandemien har vi ikkje hatt så masse catering som vi ønska. Men når det har vore «grønt lys» har me hatt litt innrykk. Det er kjekt. Då merker me at folk vil samle seg og kose seg med god mat.

Talet på brukarar, både på sjukeheimen og heimebuande, er alltid i endring. Dette påverkar økonomien. Utgifter til innkjøp av næringsmidlar og plastemballasje/pakkefolie vil også variere.

For å følgje opp regelverk i høve til offentleg anskaffing bestiller vi varer på E-handel, og vi er under Bergensavtalen.

Personalstatus

Kjøkkenet ved Masfjorden sjukeheim er tildelt 2,3 årsverk. Me har og ein tilsett i regi av NAV. I 2021 har ein tilsett gått av med uførepensjon.

Det har vore lite sjukdom og frávær, så me har vore heldige.

I ferien har me hatt god hjelp av dyktige vikarer, men i mangel av kokk på helg, har det blitt litt ekstra vakter på dei som har hatt ansvaret.

I april fekk avdelinga ansvar for reinhaldet av fellesarealet på Masfjorden Bu og Aktivitets-senter, og fekk 0,2 årsverk ekstra til dette. Me har i 2021 vore prega av ein del sjukemeldingar, og i mangel på vikarar har me i periodar måtte operere med mindre bemanning enn det som er tiltenkt. Me har då måtte redusere på det periodiske reinhaldet, og vri litt om på det daglege reinhaldet for å få jobben gjort. Personalet har vore positive og fleksible i denne tida, og har gjort ein god jobb.

Personalstatus

På vaskeri og reinhald har me eit årsverk på 3,1 fordelt på 4 personar.

Økonomi

Økonomisk har avdelinga klart seg bra i år. Ein har ikkje hatt dei store utgiftene verken på innkjøp av maskiner eller reperaturar av dei. Sjukemeldingane har gjort sitt til at me har fått ein del refusjon i sjukepengar.

Heimetenesta

Heimetenesta vert administrert og drifta som ei avdeling i kommunen. Våren 2021 vart Svingen gjort om til Masfjorden Bu- og aktivitetssenter, då dei flytta inn i nytt bygg med heildøgns drift. Dei blir no drifta under heimetenesta, men har eigen turnus.

Leiarteamet for heimetenestene består av leiar med overordna ansvar og assisterande leiar, i tillegg til ein fagleiar i kvar sone. Beate I. Matre kom tilbake som leiar frå starten av året, og har i tillegg dagleg ansvar for Indrefjorden. Hildegunn Bjånes overtok som assisterande leiar, med ansvar for Masfjorden Bu- og aktivitetssenter. Siri Kratzmeier er fagleg leiar med dagleg ansvar for Nordbygda og Silje Totland fagleg leiar med dagleg ansvar for Sørsida.

Heimetenesta vert drifta utifrå ein felles turnus og arbeidsplan for organisering av tildelte tenester. Organiseringa medverkar til at ein har ei heilskapleg teneste i kommunen, som ivaretek brukarane sine behov mtp rett kompetanse til rett plass. Dette medverkar også til ei betre økonomisk effektiv drift.

Tildeling av tenester

Søknader på tenester vert handsama på Forvaltningskontoret for Helse -og omsorg i samråd med leiarteamet. Søknader eller saker som gjeld institusjonsopphald, omsorgsbustader eller tiltak ved utskrivning frå sjukeheim eller sjukehus vert handsama tverrfagleg i tiltaksrådet.

Heimetenesta utfører tenester i heimen i samsvar med vedtak etter søknader og utifrå behovet til den ein skilde til ei kvar tid. Tenestene omfattar helsehjelp i heimen, praktisk bistand, matbringning og ulike velferdsteknologiske løysingar, blant anna GPS, elektronisk medisineringsstøtte, ulik sensorteknologi knytt til tryggleiksalarm og Komp pro som er eit kommunikasjonsvertøy for personale, brukarar og familiane deira. I tillegg har ein hatt ei stor auke i praktisk bistand, så heimetenesta har gått til innkjøp av robotstøvsugarar som bistår personalet ved praktisk bistand. Heimetenestene har i tillegg ansvar for drift av omsorgsbustadane.

Overordna mål for tenesta

Alle skal kunne bu heime så lenge dei ynskjer i eigen heim, og det er fagleg forsvarleg. Det er viktig at alle skal kjenne seg trygge, der ein opplever ein aktiv og meningsfull kvardag. For å nå desse måla har heimetenesta arbeidd med følgjande:

- Førebygge, tilrettelegge og tildele tenester og tiltak utifrå individuelle behov til ei kvar tid.
- Tilby og skaffa nødvendige hjelpemidlar i heimen.
- Tilby middagslevering frå sjukeheimen til heile kommunen.
- Legge til rette for dagtilbod og aktivisering med transportordning.
- Trening med Motitech- sykkel og førebyggjande trening i samråd med fysioterapeut.
- Førebyggjande heimebesøk til alle det året dei fyller 80 år.
- Tilbod om heimetrening for kvardagshelse.



Heimetrening med Mobi-sykel

Økonomi, tenester og drift gjennom 2021:

I starten av året vart bestemt at Masfjorden Bu- og aktivitetssenter skulle organiserast under heimetenesta, dette har medført at ein del leiarressursar har gått til å drifte Masfjorden bu- og aktivitetssenter. Heimetenesta har også hatt ein del vikarutgifter i samband med at sjukepleiarar har bidratt legekantoret i inntil 40% stilling pga korona (vaksinasjon og testing). I tillegg kjem ferieavvikling, eigenmeldingar, velferdspremisjonar og born sin sjukdom. Dette gjer det utfordrande å halde oppe grunnbemannning slik ein ynskjer. Det er utfordrande med rekruttering til ledige stillingar, samt stor utfordring med å få vikarar. Dette medført igjen bruk av overtid for å dekke inn behov. Tilpassing av drift i forhold til behov og flyt av personalet i avdelinga har medverka til at ein har fått drifta til å gå.

Samanlikna med tidlegare år har brukartalet gått litt opp, fleire har fått hjelp til helsehjelp i heimen og praktisk bistand. Ved å setta inn tiltak i heimane, ser ein ei auke i antall vedtakstimer. Fleire har fått tildelt tryggleiksalarm. Ein satsar på førebygging og i tilstrekkeleg grad prøve ut tenester i heimen før det vert innvilga fast sjukeheimplass.

Heimetenesta driftar 10 bilar. 6 av dei er leasingbilar og 4 er utkjøpte. Masfjorden er ein vidstrakt kommune, og me køyrer ca. 650 km i løpet av eit døgn.

Det har vore ein del kostnader på oppussing av omsorgsbustader før ny utleige. I tillegg er det skifta ein del varmpumper. Det har vore mindre husleigeinntekter pga ledige bustader.

Personalstatus

I heimetenesta er det tilsett 10 sjukepleiarar, 11 fagarbeidarar og 2 assistentar, der den eine fungerer som sjåfør. 60 % stilling er knytt opp mot drifting av velferdsteknologi i kommunen. Det er Åse Elin Solheim og Lene Mari Andersen som har ansvar for dette. Ellers har alle ulike stillingsstorleikar som til saman utgjer ca 22 årsverk. Forvatningstenesta ligg under heimetenesta, den utgjer ei 100 % stilling, samt merkantil i 50 %. 1. desember starta det opp ein lærling som helsefagarbeidar.

Me har eit godt samarbeid med psykisk helse, sjukeheimen, fysioterapeut, ergoterapeut, legekantoret og teknisk avdeling. Heilt på slutten av året gjekk Anny Bente Duesund av med pensjon.



Kompetansehevande tiltak

Tilsette er oppfordra til å bruke Veilederen.no, som har ulike e-læringskurs/pakker. Veilederen.no blir også brukt til informasjon/internundervisning ved personalmøte. Heimetenesta har vore med å bidra til å få i gang eit hukommelsesteam. Dette vart igangsett 1. september. Det har vore eit travelt år, med lite tid og ressursar til kompetansehevande tiltak. Året har gått mest til å oppretthalde tenestene.

Masfjorden bu- og aktivitetssenter

Våren 2021 vart Svingen gjort om til Masfjorden bu- og aktivitetssenter, og ein flytta inn i nytt bygg med heildøgns drift. I tillegg tilbyr ein avlastning og fritidstilbod for barn og unge med særskilte behov og funksjonsnedsettingar. Masfjorden bu- og aktivitetssenter vert no drifta under heimetenesta, der Hildegunn Bjånes har overordna fagleg ansvar og Linda Vågseth er koordinator. Pr 31.12.21 er åtte leiligheter utleigd. Dei som bur der får tenester tildelt på lik linje med andre heimebuande.

Personale

I samband med innflytting i nytt bygg var det auka opp med nye stillingar, blant anna tilsette med høgskulekompetanse. Det er no 21 tilsette i ulike stillingsstorleikar, som til saman utgjer ca 14 årsverk. Mange av stillingane er helgestillingar. Me hatt eit utfordrande år med høgt sjukefråvær, og mykje bruk av overtid pga ein del vakante vakter og vanskeleg å få ta i vikarar.

Kompetanseheving

Anita Larsen Andersen har fullført fagskule i miljøarbeid i tenester for menneske med utviklingshemming. Fokuset i år har vore å bu oss inn i nytt bygg med alle dei nye velfersteknologiske løysingane som er, samt at alle skal finne seg til rette og bli trygge. Mykje nytt å sette seg inn i!

Aktivitetssenter

På hausten starta ein opp aktivitetssenteret. Anita Larsen-Andersen og Marita Vågset har ansvaret for dette, men alle brukarane og tilsette er med å bidreg.

Før me fekk sett i gang aktivitetssenteret hadde me lite utstyr og inventar. Me la difor inn eit innlegg på facebook der me spurte om hjelp, og fekk utruleg god respons.

Aktivitetstilbod

11 brukarar har hatt dagtilbod. Her er det ulike skysordningar frå alle delar av kommunen i form av taxi, kommunal bil og heime-tenesta.

Seniortreff på Sandnes vert arrangert ein onsdag pr månad ved hjelp av frivillige i samarbeid med Sandneskafeen.

I Indrefjorden nyttar mange seg av tilbodet helselaget har kvar 14. dag dag på bua på Haugsvær.

Pga av korona har det vore lite aktivitet i desse tilboda, noko som har vore utfordrande for ein del av brukarane mtp sosial isolasjon og aktivitetar.

Omsorgsbustader

Heimtenesta har ansvar for drift av til saman 26 omsorgsbustader fordelt på:

Sandnes: Fem bustadar. Ingen ledig.

Matre: Fire bustader. Ingen ledig.

Haugsvær: Fem bustader. Ein ledig, men vart nytta som koronaleilighet.

Nordbygda: Elleve bustader og ein hybelleilighet. To er ledige.

Ein leilighet er under oppussing.

Då Svingen flytta vart to omsorgsbustader ledige for ordinær utleige igjen og avlastingsbustaden vart omgjort til to omsorgsbustader for utleige.

Ein stor takk til alle som bidrog til dette!

På sikt ynskjer ein at aktivitetssenteret skal kunne lage og selje ting, slik at ein har ei inntekt til drift.



I tillegg har me eit felles dagtilbod mandag og fredag på Einekavane. Dette er eit samarbeid mellom Einekavane, kommunen og kulturskulen. Her tilbyr ein musikkterapi og andre fellesaktivitetar for gruppa i eit tilrettelagt miljø på Matre. Tilbodet om bassengterapi i Modalen har utgått pga korona og fordi bassenget har vore stengt. Me arbeider for at brukarane med tilrettelagte dagtilbod skal få ein variert kvardag med arbeidspraksis i bedrifter i nærmiljøet, ADL-trening, dataopplæring, musikkopplæring, vaksenopplæring, fysisk aktivitet og sosial trening. Me har som mål å tilretteleggja og tilpassa miljøet og gje brukarar ein trygg, forutsigbar og meningsfylt kvardag.

Felles julebord for brukarane og foreldre gjekk dessverre ut i år også pga korona.

KULTUR

Desse hovudoppgåvene/tenestene høyrer heime under kultur: Folkebiblioteket, Den kulturelle skulesekken, idrettsskule, kulturskule, museum, idrettsbaner/anlegg og symjebasseng, anleggs- og driftsstøtte til idrettslag, planarbeid (idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet – spelemidlar- nærmiljøanlegg- kulturminne), Den kulturelle spaserstokken/kulturtilbod for eldre, kulturvern, støtte til frivillige lag, kulturmidlar, kultur/lags- og arrangementskontakt.

Budsjettet for kulturområdet var for 2021 kr 6 880 000. Til saman 6,2 årsverk.

Dei største summene går til kulturskulen, kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg, folkebibliotek og museum.

Tilskot til frivillige lag og bedrifter

Det vart i 2021 betalt ut kr 148 000 i ordinære kulturmidlar til 29 lag og organisasjonar.

På Kraftfondet sitt budsjett var det i 2021 sett av kr 100 000 til kulturtiltak der både lag og bedrifter kunne søkja. Grunna koronapandemien og låg aktivitet på kulturfronten vart dei fleste tiltaka avlyst eller kraftig redusert. Berre halve ramma vart tildelt. 6 søkjarar fekk tilskot i storleik kr 3 000-15 000.

Museum og Sommarscena

Størstedelen av museumsbudsjettet vert nytta til Bjørn West-museet. Kommunen har avtale med Museum Vest om dagleg



drift av museet, og der Masfjorden kommune yter årleg tilskot. Kommunen har ansvar for Sleire skulemuseum, Kvamsdals fargeriet og nothuset. Fargeriet var ope i helgene i sommarsesongen i samband med utstillingar. Skulemuseum og nothuset var berre ope etter avtale.

Sommarscena gjennomførte eit enkelt program. Publikum fekk oppleve to flotte utstillingar i fargeriet med utstillarane Elin Alver og Vibeke F. Nordtømme. I samband med utstillingane vart det arrangert fleire mindre kulturprogram. Vibeke hadde også fire dagar med akvarell-workshop med mellomtrinnslevane i kommunen då skulen starta opp igjen etter sommarferien.

Eit lokalt band gjennomførte ein strålende fin konsert-hyllest av Dire Straits. Konserten vart halden som utekonsert på Sandne-

skaféen. Anne Hvidsten sto også for ein flott konsert i nothuset og ut på hausten fekk me oppleve konsertframsyninga RIT på Sandneskaféen med fokus på Olav H Hauge sine dikt.

Ved skulemuseet på Sleire løyvde kommunen midlar til oppgradering av tilkomst og uthus/uteområde/parkering. Arbeidet vert utført av driftige eldsjeler i Sleire grendelag, og vil bli avslutta våren 2022.

Minnemarkeringar

Kulturavdelinga i kommunen sytte som vanleg for lyd og kulturinnslag ved innkomsten av Bjørn West-marsjen. Denne gongen var det Frode Skag Storheim, Roy Vorland og Torbjørn Sæle som sto for sjølve kulturprogrammet.

I samband med tiårsmillet for terroraksjonane i regjeringskvartalet og Utøya 21. juli arrangerte kommunen i samarbeid med dei politiske partia minnemarkering i Sandnes kyrkje og på Store-skjæret.



Kulturvern

Det er gledeleg å sjå korleis tiltaka kommunen har ytt tilskot til dei siste åra har blitt realiserte gjennom at grunneigarar har teke vare på bygningar og kulturmiljø.

1 2021 var det tre søkjarar som fekk tildelt kulturvernmidlar.

- Ferdaveg mellom Kjetland og Haukeland
- Ferdaveg, Kvingo. Restaurering av sti/trapp med naturstein og trebru
- Istandsetjing av dobbeltnaust gnr/brn 37/1 og 37/2

Kulturminneplanen for Masfjorden er ein viktig reiskap og rettesnor når midlar skal tildelast.

I samarbeid med kulturverntenesta i Nordhordland og deira bygningsvernskonsulent vurderer ein søknader og ser etter andre instansar der det kan søkjast midlar til tiltaka.

Den kulturelle spaserstokken

Den kulturelle spaserstokken i Masfjorden fekk etter søknad kr 29 507 i tilskot frå Hordaland fylkeskommune. Grunna koronaen vart mange av arrangementa avlyst, og berre ein del av dei tildelte midlane er nytta.

Kulturprisen 2021



Masfjorden kommune sin kulturpris for 2021 vart tildelt Bente Kvamsdal Håvåg. Prisen vart delt ut i klubbhuset på Hosteland i samband med Tine fotballskule i august.

Ungdommens kulturmønstring

Fleire masfjordingar var påmeldt den ordinære mønstringa, men då mønstringa vart utsett fleire gongar og til slutt gjort digital fall dei fleste av desse frå. Den digitale mønstringa vart halden i kulturhuset Meieriet på Frekhaug, og framføringane vart seinare lagt ut på nettet som del av digital fylkesmønstring.

Spelemidlar, nærmiljøanlegg og kulturbygg

Masfjorden kommune har utarbeidd Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2017-2024. Planen vert rullert kvart år. Det vert søkt spelemidlar til prioriterte tiltak i handlingsplanen.

I 2021 fekk Kvinge grendalag tildelt midlar til turveg på Stien.

Det vart i januar sendt inn fire nye søknader på tiltak:

- Nærmiljøanlegg Skjelsundet
- Dagsturhytta
- Universell tilkomst dagsturhytta
- Flomlysanlegg, Nordbygda sentralbaneanlegg

Alle desse søknadane er godkjende, men grunna for låg tildelingsramme hjå Vestland fylkeskommune fekk ingen av søknadane tilskot dette året. Søknadane vert vurdert på nytt i 2022. For tida er det eit etterslep på inntil fire år for å få tildelt spelemidlar.

Nordbygda samfunnshus fekk tildelt midlar til restaurering i kategorien «Spelemidlar til kulturbygg».

Idrettsanlegg

Idrettslaga er sentrale i vedlikehald og drift av idrettsanlegga i kommunen. I 2021 vart det laga nye vedlikehaldsavgiftar mellom kommune og idrettslag for drift av idrettsanlegga.

Nordbygda pensjonistlag sto for opparbeiding av turveg ved idrettsbana på Hosteland. På rekordtid fekk dei etablert den kring 500m lange turvegen med DAM-midlar, sponsormidlar og kommunalt tilskot.

Dagsturhytta

Dagsturhytta har blitt eit kjærkome turmål, og sidan opning

desember 2020 og ut 2021 har hytta hatt rundt 6000 besøkande. Dette viser tydeleg behovet for tilrettelegging av attraktive tur- og lågterskeltilbod i kommunen vår.

Det er gledeleg å sjå at hytta har blitt teken i bruk av så mange og at lag og organisasjonar, turlag, skular, barnehagar, konfirmantar, bibliotek legg aktivitetar, arrangement og samlingar til hytta og området rundt.

Hytta vart ferdigstilt innanfor tildelt økonomisk ramme. I 2022 held arbeidet fram med opparbeiding av tilkomst for rullestolbrukarar og andre som har vanskar med å ferdast ute i terrenget.

Digitale tiltak

Grunna korona vart det også i 2021 fokusert på digital 17. mai. Tale, gudstenester, minnemarkeringar mm vart spelt inn og lagt ut på nettsida masfjordingen.no og presentert på nasjonaldagen. Her kan ein når som helst gå inn og gle seg over alt som ligg på sida.

Til Torgdagen i Bergen vart kommunane oppmoda om å koma med digitale kulturinnslag. I samarbeid mellom kulturetaten og lag og artistar vart det sendt inn flotte innslag frå kommunen vår som vart delt på nettet på sjølve Torgdagen i juni.

Takk!

På kulturområdet vert det kvart år lagt ned eit stort dugnadsarbeid i samband med vedlikehald/tilsyn med bygg og anlegg, realisering av nye prosjekt, aktivitetar og arrangement. Masfjorden kommune vil takka alle dei som involverer seg i dette arbeidet. De er med på å oppretthalda og skapa gode arenaer for trivsel og fellesskap i kommunen vår.

KULTURSKULEN

Etter eit 2020 prega av pandemi såg kulturskulen fram til normal drift i 2021. Slik vart det ikkje.

For ein kulturskule som har stort fokus på utadretta aktivitet var det stusseleg å oppleva at det aller meste utover ordinær undervisning; konsertar, oppdrag, utstillingar og oppsetjingar vart sett « på vent» det første halvåret.

For dei vaksne laga vart det først opna for fellesøvingar igjen i slutten av april.

Det ordinære undervisningstilbodet vart halde ope. I staden for live framføringar&framsyningar vart det for vårhalvåret satsa digitalt. Kulturskulen fekk låna Granneheimen på Kvingo. Den vart rigga som studio, og utover vinteren var elevane innover der og gjorde opptak. Produkta vart presenterte i digitale konsertar og utstillingar i mai.

«Kulturskulen skal nå mange»

I pandemien har mange kulturskular opplevd nedgang i elevtal. Slik har det ikkje vore i Masfjorden. Her er elevtalet stabilt. Dei om lag 140 elevplassane gir opplæring innan song, spel, samspel, teater og biletskaping/kunstproduksjon. Undervisning er lagt til ettermiddag og kveld. Elevane får tilbod om studioinnspeling.

Å oppleve stabilitet sjølv i motgangstider opplever me som ein styrke, og det fortel oss at kulturskulen er ein arena som brukarane ønskjer å vera ein del av.

Kurspengar er frå 01.08.21 kr 2426 pr. år. Det vert gjeve søskenmoderasjon. Vaksne elevar betaler kr 3640.

«Kulturskulen skal stimulera til fagleg og personleg utvikling for elevane»

16 timelærarar arbeider i til saman 4, 5 årsverk, alt inkludert ressursar til sal av tenester til kor og korps, og administrasjon. Fem av lærarane er i kombinasjonsstillingar med grunnskule. Fleire av lærarane arbeider i fleire kulturskular i Nordhordland. Dyktige, kreative, motiverte og samarbeidsviljuge lærekrefter er med på å skapa eit godt klima for læring, slik at ein i samarbeid med elevar, heim og lokalmiljø oppnår det me alle ønskjer: Kjekke, meiningsfylte, stabile, trygge og utviklande fritidstilbod.

«Kulturskulen skal vera godt synleg og delaktig i lokalt kulturarbeid»

Masfjorden kulturskule legg stor vekt på å vera meir enn ein skule der elevar berre får undervisning. Pandemien har gjort denne delen av arbeidet vanskeleg ettersom det meste av arrangement og samkomer har blitt avlyst eller sett på vent. For elevane er det å jobba fram mot framsyningar der ein får eksponert seg ein vesentleg del av motivasjonen.

I første del av haustsemesteret var det opna for tilnærma normal aktivitet. Utover dette var den utadretta aktiviteten låg. Kulturskuleveka i februar vart avlyst, og erstatta med digitale produksjonar. Julekonsertane i kyrkjene og på sjukeheimen vart avlyst.

Sommarkonsertane vart delt opp der elevane organiserte sine interne konsertar før dei tok ferie.

Ein del ungdommar var påmeld til UKM, men ettersom arrangementet vart flytta fleire gongar, og til slutt vart digitalt var det berre ein lokal deltakar med til slutt. Den digitale UKM-mønstringa vart presentert i november.

«Kulturskulen skal samarbeida om tiltak med skule, barnehage, bibliotek og lagsliv»

For kommunen er det viktig at innbyggjarane får meiningsfull aktivitet og gode opplevingar gjennom kulturtilboda. For kulturskulen er samarbeid med andre aktørar nøkkelen til at ein kan nå desse måla. Det er flott å sjå kulturskuleelevar «glitra» på andre scener td i samband med skuleoppsetjingar og lagsarrangement. Økonomien set klare grenser for kva type samarbeid ein kan få til, og kor stort omfanget blir. Det er difor dei tilsette i kulturskulen med det dei kan og involverer seg i som er den aller viktigaste ressursen i samarbeidet.

Også i 2021 vart denne aktiviteten redusert til eit minimum grunna koronaen.

Kulturskulen sel dirigent- og instruktørtenester til skulekorpsa og amatørkorps/kor, ein samarbeider om aspirantopplæringa til skulekorpsa og ein prøver å vera ein god medspelar til desse laga og andre kulturaktørar og institusjonar gjennom samarbeid om konsertar og arrangement.

Laga er gode kulturleverandørar, og steller i stand mange flotte arrangement og inviterer til fruktbare samarbeid. 50-årsjubileumskonserten til Nordbygda skulekorps i oktober er eit godt døme på dette.

Kulturskule, grunnskule, barnehagar og MOT har som mål å samarbeida om dansekurs. I 2021 vart det kun halde eit dansekurs for ungdomsskuleelevane i kommunen.

Når det gjeld samarbeid med bibliotek, seniorsamlingar, kyrkja, pensjonistlag og eldrekafe på sjukeheimen, så har også denne aktiviteten vore sterkt avgrensa i 2021.

Samarbeidet med Einekavane om musikktilbod for ungdommar med behov for tilrettelegging heldt fram. Dette er eit tilbod som vert teke svært godt i mot av brukarane.

IDRETTSSKULEN

Idrettsskuletilbodet har vore gjeve ved alle tre skulene for elevar i 2. til 7.klasse.

Ved start på hausten vert elevane delt inn i to grupper ved Sandnes og Nordbygda og i ei fellesgruppe ved Matre. Alle gruppene har hatt fysisk aktivitet og idrett 1,5t kvar veke. Elevane har praktisert ei rekke idrettar, der målet har vore å heva den kroppslege kompetansen og dei tekniske ferdigheitene innanfor ulike aktivitetar og konkurranseidrettar.

På hausten auka elevtalet med ein, etter ei liten nedgang i fjor. Idrettsskulen sitt mål om å vere eit kompetansehevingstilbod og ikkje eit «leiketilbod» er no er betre kjend blant både elevar og dei føresette, så det er positivt at talet er relativt stabilt.

Det vert ikkje gjennomført fellesaktivitet dette året, noko som primært skuldast korona-situasjonen. Målet er å ta opp att fellesaktivitetar så snart tilhøva tillèt det.

Idrettsskulen i Masfjorden synest å vere eit populært tilbod, og eit viktig eitt, tatt i betraktning at idrettstilbodet elles i kommunen ikkje alltid er like tilgjengeleg og/eller noko avgrensa i sin variasjon.

Ved årsskiftet hadde me følgjande deltakartal, skuleåret 2019-20 står i parentes:

Skule:	2. - 4. klasse	5. - 7. klasse
Matre	6 (5)	1 (0)
Nordbygda	15 (15)	6 (6)
Sandnes	11 (11)	4 (5)

FOLKEBIBLIOTEKET

Arrangement

Året 2021 har vore endå eit spesielt år med tanke på korona og restriksjonar. Smittevernstiltak har endra seg fleire gonger, og biblioteka har til ei kvar tid følgd dei gjeldande koronarestriksjonane. Vi har i periodar med letta tiltak hatt arrangement. Det har vore 38 lesestunder for barnehagen. Dette er samla tal der barnehagen har kome til biblioteket, og der biblioteket har hatt lesestund ute med barnehagen. Til saman har det vore 290 fram møtte på dette. Vi har og hatt ein del arrangement for skular. 3. september hadde vi den musikalske fram syninga «Hit eit steg» frå det Vestnorske teateret. Der var alle dei eldste barnehageborna (frå fire år) og alle småskule-elevane i kommunen inviterte til gymsalen på Nordbygda skule. Her var det 170 deltakarar. Vi har og tradisjonen tru hatt Sommarles-avslutningsfest på skulane. Der fekk elevane ei lita «kino-oppleving», popkorn og det blei delt ut bok-premiar. Biblioteket har og i året 2021 hatt eit prosjekt om aktiv formidling kalla «Ut i naturen med litteraturen». Då har biblioteket invitert 1.-4. trinn på alle skulane opp til dagsturhytta. Filialstyrar ved Sandnes filial vart frikjøpt og ansvarleg for å lage opplegg for elevane. Tema våren 2021 var Anne-Cath Vestly med hovudfokus på «Mormor og de 8 ungene».



Tema hausten 2021 var Pippi og Astrid Lindgren. I tillegg til desse turane med elevane til dagsturhytta, hadde og tidigare biblioteksjef Kjellaug Strand lesestunder i Botneset for barna i Sandnes barnehage. Framstillinga om Pippi og Astrid vart og framført på bu- og aktivitetssenteret. Det flytande litteraturhuset Epos kom og til Masfjorden. Bokbåten hadde to stopp; Masfjordnes kai og Matre kai. Elevar frå småskulane og barnehagane fekk då sjå den musikalske fram syninga «Eit hjarte til jul». Etterpå var det utlån av bøker på båten. Båten var open for alle etter fram syninga og til saman var det 94 personar frå Masfjorden som tok turen innom Epos. Biblioteket har og hatt forfattartreff med Hilde Kvalvaag som kom til Sandnes for å fortelja og lesa frå den nye boka si «Djuphavsslettene». Biblioteket har og i samarbeid med kulturskolen fått laga ein litteratursti på Hosteland v/ gangvegen ved Spar. Her kan turgåarar fylle ut eit svar-ark og vere med i ein litteraturkonkurranse. I tillegg har det vore bok- og strikkekafe på Hosteland, og strikkekafe på Sandnes frå hausten 2021. Godt samarbeid med kulturskolen gjer at elevar derfrå har hatt innslag på bok- og strikkekafeane på Hosteland. I tillegg vert det formidla



litteratur i form av opplesing og presentasjon av bøker. Dei som gjekk i 8. trinn på Matre våren 2021 vann «Best i test» konkurransen i Nordhordland for 2021. Dei fekk då pizzafest og bokprat i premie.

Samlingar og utlån

Totalt for skule- og folkebiblioteka er det i 2021 registrert om lag 12122 lån.

Dette inkluderer fornyingar og utlån av e-bøker. Dette er om lag likt som i 2020 då utlånet var på 12115. Utlånet av E-bøker og e-lydbøker har gått litt ned i frå i fjor. I 2020 var utlånet på 510, medan i 2021 var denne typen lån på 444. Barn og unge er som tidlegare den største lånegruppa. Her er det skjønnlitteratur for barn som har høgast utlån med 6692 førstegongslån. Det at det er skjønnlitteratur for barn som blir mest utlånt gjenspeglar seg og i samlinga vår. Vi har 10286 skjønnlitterære bøker for barn på folkebiblioteket. Dette gjeld hovudbiblioteket og filialane, men er ikkje medrekna skulebiblioteka si samling. I 2021 har me hatt ein tilvekst på 579 skjønnlitterære bøker for barn i folkebiblioteket si samling.

Personale

Kjellaug Bolset Strand starta si karriere i Masfjorden på Sandnes skule i 01.08.1978. Ho hadde tenkt å vere eit år i Masfjorden. Det vart nesten 43 år. Ho har vore både lærar, rådgjevar, inspektør, rektor og til slutt biblioteksjef. Etter 11 år som biblioteksjef i Masfjorden kommune og eit heilt arbeidsliv som arbeidstakar i Masfjorden kommune, gjekk Kjellaug Bolset Strand av med pensjon frå 01.04.2021. Linn Benedikte Brakstad tok over stillinga som biblioteksjef i frå same dato.

Konklusjon

Det har vore eit år med mykje endringar i restriksjonar. Biblioteket har heile tida tilpassa seg, og det har virka som om det har vore kjekt for folk når me har kunne hatt arrangement. Det å møtast og vere saman er viktig. Det er og veldig kjekt at barna er ein så stor del av biblioteka i Masfjorden. Dei låner aktivt på skulen, men det kjem og mange etter skuletid og vil låne meir. Barna i Masfjorden er ikkje berre gode til å bruke biblioteket fysisk, men og digitalt, ved å delta på Sommarles, ein nasjonal digital lesekampanse. Digitalisering blir meir og meir i fokus. Sjølv om det digitale utlånet har gått litt ned i 2021 i høve til året før, håpar vi at utlånet går opp igjen til neste år. Biblioteket vil fortsetje å finne fleire gode digitale tenester, og å formidle digitale tenester gjennom Facebook sida vår.

TEKNISK MILJØ OG LANDBRUK

Det var 12 personar tilsett ved avdelinga pr. 31.12.21. I tillegg har Masfjorden kommune kjøpt landbruksfagleg kompetanse frå Kjartan Nyhammer frå hausten 2021.

Byggjesak/kart og oppmåling

I 2021 vart det gjennomført mange oppmålingsforretningar, til saman 59 stk.

Det vart oppretta 35 nye eigedomar. Dette gjeld oppretting av 6 bustadeigedomar, 17 fritidseigedomar og 12 nausttomtar. Det vart halde 19 forretningar som gjeld arealoverføring, 3 grensejusteringar og 6 grensepåvisingar.

10 av fritidseigedomane som vart oppretta, gjeld innløysing av tomter i Sveneset hyttefelt.

Det vart oppretta 6 nye fritidseigedomar i Duesundøy og 4 nausttomter. På Kvamme vart det oppretta 4 nye bustadtomter og 7 nausttomtar i Bjørkeneset hyttefelt.

Kommunale vegar

Det har vore utført vedlikehald med rydding i stikkrenner, lapping av asfalt og grus, høvling og snørydding/strøing. Det er og utført kantklipping og grøftereinsk.

Masfjorden kommune har avtale om brøyting med sju kontraktørar.

Safe Control har gjennomført årleg kontroll av bruene i kommunen

Investeringar

Asfaltering av kommunale vegar i 2021

Masfjorden kommune har i 2021 asfaltert følgjande vegar: Matre (under bru E 39), Kalhovda, Haugsvær kryss, Juvik, Tangedalsvegen og Areklettvegen/Skjelsundet.

Støypekant Juvika

Det har vore utført trafikksikringsarbeid i Juvika med ny støypekant med lengde på 280 meter.

Masfjorden kommune engasjerte etter konkurranse anleggsselskapet NCC til å utføre jobben med å få på plass ny støypekant i Juvika. Samstundes med dette arbeidet vart også vegstrekninga asfaltert.

Vestland fylkeskommune har gjeve tilskot til arbeidet, som saman med kommunal løyving har finansiert arbeidet.

Vatn/vassverk

Drift

Masfjorden kommune eig og driv fem vassverk i kommunen. Fire av desse er mindre vassverk som forsyner bygdene Matre, Haugsvær, Solheim og Skolten på Sør-Kvingo.

Disse har ein årsproduksjon frå 2000m³ til 20000m³.

Det største vassverket er Masfjorden vassverk, som forsyner delar av Masfjordnes og Nordbygda i tillegg til Sløvåg og Steineområdet i Gulen kommune.

Oversikt over saker handsama i 2021:

Delesaker	27	Tilknytning kommunalt vatn *	4
Byggjesaker	59	Usleppsløyve*	9
Bruksløyve/ferdigattest	61	Oppmålingsforretningar	59
Dispensasjonar	44	Vedtak om adresse-tildeleing/omadressering	10
Andre saker	9		

* Saker der dette er behandla utanom byggjesaka

Av byggjesakene som har vore handsama er:

6 søknader om bygging av bustader

9 søknader om bygging av fritidsbustader

5 bruksløyve/ferdigattestar er gitt i høve bustadhus



Produksjonen frå Masfjorden vassverk var på om lag 177 000 m³ i 2021, noko som er litt ned frå fjoråret. Av dette vart det overført ca 101.000 m³ til Gulen kommune.

Investering

Arbeid med reservevasskjelde for Masfjorden vassverk er under planlegging. Arbeidet med ulike alternativ er når det gjeld både kvalitet, mengde og plassering vert vurdert i forprosjekt levert av konsulentfirmaet Asplan Viak.

Nye/opprusta kommunale bygg

Nytt kjøkken på sjukeheimen

På Masfjorden sjukeheim har det vore skifta ut avdelingskjøkken på pleie 1. Kjøkkenet er totalrenovert med nye fargar på veggar, nytt golvbelegg og ny kjøkkeninnredning med eiga vaskesone.

Lagerbygg Duesund

Det skal byggjast nytt lagerbygg på 200 m² i Duesund ved eksisterande bygg for tekniske tenester.

Arbeidet med grunnarbeid for bygget vart utført vinteren 2021, ny tomt er på 1 250 m². Lagerbygget vert sett opp februar – mars 2022.



Reinhold

Reinholdet i kommunen har sidan 2014 vore organisert i tre reinhaldsområde; Nord, Indre og Sør i tillegg til sjukeheimen, som er eige område. Kwart område har ein reinhaldskordinator som er ansvarleg for reinholdarane i sitt område. Ansvarer inneber mellom anna å ordne med vikarar ved sjukdom/fråvær, lage ferieplan, bestille varer mm.

Landbruk

Tal frå søknader om produksjonstilskot 2018- 2020

	2019	2020	2021
Prod. tillegg *	9 449 754	ca. 10 000 000	14 340 379
Avløysartilskot	1 550 007		
eBruk	69	69	61
Mjølkebruk	12	10	11
Mjølkekyr/ammeku	155/7	155/19	169/18
Storfe kjøtprod.	245	256	275
Sauebruk	59	58	57
Sauer vinterfora/ utegangarsau	3 057	2 846	3 332
Geit for kjøtprod.	59	129	59
Kylling	0	-	-
Esel/lama/Alpakka	5/9/4	5/8/3	0/5/0
Hest over 3 år	11	5	7
Slakte gris	21	8	0

* Inkl. avløysartilskot

Samla mjølkeleveranse i 2021: 937 056 liter 2020: 967 520 liter
Areal for søknader på produksjonstilskot: 7 331 dekar

Regionalt miljøprogram (RMP) 2021 (2020)

Ordninga omfattar særskilte miljøformål i landbruket: 24 (24) søknader.

Organisert beitebruk uendra med 4 beitelag

Søknader om drenering: 2021- 3 søknader, 2020 - 0 søknader

SMIL-søknader: 2021 - 3 søknader, 2020 – 4 søknader
og 2019 – 5 søknader

Viltfondet

Fellingsavgifta går inn på eit kommunalt viltfond som bl.a. går til dekking av kommunen sine utgifter med ettersøk etter skada vilt og fallvilt.

Skotpremie for felt rovvilt

Det vart i 2021 utbetalt skotpremie for 27 rev, 16 mår og 3 villmink.

I 2020 vart det utbetalt skotpremie for: 24 raudrev, 1 mår og 4 villmink.

For 2019 vart det utbetalt skotpremie for: 8 raudrev, 1 mår og 0 villmink. Uforandra premie. Masfjorden sau og geit betalar også ut kr 300 for rev.

Hjortejakta 2018 - 2021

Avskytinga dei 4 siste åra var på over 400 dyr, og rekordåret 2020 med 453 dyr totalt, vart auka til 548 i 2021.

Bestandsplanane (BPO): Gulen – Masfjorden fortset til 2023 medan Lindås – Masfjorden gjekk ut i 2021.

Alle som er med i bestandsplanar har frie dyr, medan valda som ikkje er med eller ikkje har ein avskytingsplan, har ei styrt tildeling frå kommunen.

Hjortejakta	2019	2020	2021
Løyve	565	583	667
Felt	414	453	548
Fellings %	73,27	77,7	82,16
Fallvilt	4	2	13

Jakttida er: 01.09. – 23.12.

Kalking av vassdrag

Kalkinga i Frøysetelva held fram som før. Kalkstasjonen ved Ostavatn medfører auka pH frå ca 5,3 oppstrøms doserarar, til pH 6,0-6,4 heilt til utløpet ved Frøyset. I smoltfiseringsperioden om våren vert pH justert litt opp slik: Lakseførande strekning; pH \geq 6,2 fra 1. januar til 15. mars, deretter \geq 6,4 frem til 1. juli (justert 2019), og \geq 6,0 resten av året (justert i 2013). Totalt vart det brukt: 627 tonn i 2021, 759 tonn i 2020, 513 tonn i 2019 og 561 tonn kalk i 2018.

MOT

Året 2021 har vore eit spesielt år for MOT. Me byrja på gult smittenivå og gjennomførte MOT-besøka og aktivitetane skulevis. Etter sommarferien fekk me gjennomføre MOT-samlingane på tvers av skulane, og me har gjennomført alle dei obligatoriske øktene i MOT-programmet.

Fellesaktivitetar for alle ungdommane i kommunen kunne ikkje gjennomførast det første halvåret grunna koronarestriksjonar. Me har hatt samarbeid med politiet, som har vore med på nokre av MOT-samlingane. Då restriksjonane letta, gjennomførte me skuleringa av ti nye Unge motivatørar i juni.

I august byrja me på grønt nivå, og arrangerte badedag i Grunnevik med bading, kanopadling og grilling for alle ungdommane i kommunen. Rundt 30 ungdommar kom både til lands og til vanns.

I starten av november fekk dei unge motivatørane reise på eit to-dagars kurs til Alver i regi av MOT sentralt. 50 ungdommar frå heile Nordhordland var samla til skulering for å gjennomføre MOT-opplæring av elevane på mellomtrinnet. Dei unge motivatørane har gjennomført MOT- undervisning, MOT-timar og MOT midttidaktivitetar gjennom heile året på dei tre skulane.

I samarbeid med kulturskulen og helselaga arrangerte MOT den årlege dansedagen med sjølvaste Rocke-Rolf som instruktør for alle ungdommane i kommunen. Dette arrangementet var knytt

Feietenesta

Feing og branntilsyn

Masfjorden kommune har i ei årrekke hatt samarbeid med Gulen og Solund om felles feieteneste. Etter at det kom nye krav om at også fritidsbustader skal feiast vart feiarstillinga utvida frå ei til to stillingar. I desse fire kommunane er det om lag like mange fritidsbustader som heilårsbustader.

opp mot MOT til å glede- dagen i november.


I starten på desember var det aktivitetkveld på Matre. Rundt 30 ungdommane fekk bade i bassenget, ha aktivitetar i gymsalen, spele kanonballturnering, og fekk pizza og brus. Dei fleste MOT-besøka er gjennomført etter oppsett plan, men nokre økter har måtte utsetjast og vert gjennomført i byrjinga 2022.



KYRKJA

Under det som vert definert som rammeområde kyrkje vart det i 2021 budsjettert med 3,5 mill. kr., og rekneskapen viser samla kostnad på nær 3,5 mill.kr., samt at kommunen gjorde ei avsetjing i 2021 på kr. 500.000 til vedlikehald av kyrkjer m.m. i åra framover.

Masfjorden kommune yter driftstilskot til Masfjorden kyrkjelege fellesråd/sokn (MKF), fordelt med kr. 2 491 489 inkl. midlar til delfinansiering av prestestilling, samt rente- og avdragskompensasjon, og tenesteytingsavtale mellom MKF og kommunen som utgjer samla om lag 487.000. Vidare yter kommunen driftstilskot til kyrkjegardar. Dette utgjorde i 2021 kr. 510.000,-.



Brutto driftsutgifter til kyrkjer pr. innbyggjar

GMBR

Gulen og Masfjorden
Brann og redning

«Ingen veit kva som ventar bak neste sving» heiter det, og det kan ein definitivt seia om året 2020. Beredskap handlar også om å vera budd på handtera den utfordringa ein ikkje var budd på. God beredskap handlar om å raskt kunne rigga seg for å handtera det som kjem.

I Gulen og Masfjorden har ein kultur for å ta eit tak når behovet melder seg. Uavhengig av om oppdraget kan vere i grenseland for kva som normalt ligg innanfor brannvesenet sitt ansvarsområde. Når ein ligg ruralt til, slik som me gjer, er det ein styrke at det ikkje er så klare grenser mellom etatane. Skal ein løyse oppdraget er me avhengige av å samle og samordne dei ressursane me har uavhengig av om dei kjem frå oppvekst, helse eller brann og redning. Det vart ein stor diskusjon i deler av landet når pandemien kom og nokon av brann- og redningsvesena på det sentrale austlandet vart utfordra på å hjelpa helse. Redaktøren i tidsskriftet «Brannmannen». Lars Brenden, skreiv i sin leiar at, sitat: «Nå er det tid for å se samfunnsoppdraget vårt», sitat slutt. Her kjenner me oss heime. GMBR har ingen avgrensa rammer for kva oppdrag me rykker ut på. Når nokon treng hjelp kler me på oss og bidreg. Me er kommunen sin beredskapstropp.

Oppdrag

Sjølv om oppdraga i 2020 har vore færre enn tidlegare år, har også i år storparten handla om akutthjelparoppdrag. Ein liten auke i trafikkulukker og hendingar relatert til person i vatn. Men som statistikken viser er brannvesenet involvert i dei fleste uønska hendingar som skjer i vårt distrikt.

Type hending	2019	2020	Endring
Akutthjelparoppdrag	69	37	- 31
Trafikkulukke	9	10	+ 1
Brann	11	7	- 4
Bistand politi	2	1	- 1
Naturhendingar	2	1	- 1
Akutt forureining	1	1	
RVR	0	0	
Person i vatn	0	1	+ 1



Delar av GMBR syng «Ja vi elsker» på kabelferga «KF Fjon-M» 17. mai 2020

Øving og opplæring

Det har vore store utfordringar knytt til tradisjonell øving i 2020. Restriksjonar knytt til smittespreiing har medført at øving har vore sær avgrensa. Noko har ein fått gjennomført på ulike elektroniske plattformer, men dette er avgrensa.

Berinvest AS - Beredskapssenteret i Gulen Industrihamn

Det pågår eit arbeid med etablering av øving- og opplæringssenteret i Sløvåg. Dette er eit sentralt ledd i oppdraget med å lukke avvika på kompetanse i eigne rekker. Vonaleg vert dette anlegget ferdigstilt med det fyrste, slik at me kan starte eit systematisk arbeid med å lukke avvika, men også å få ein lokal arena for øving og samtrening mellom naudetatane og andre samarbeidspartnarar over tid, utan at vårt mannskap må reise store avtstandar.



Røykdykkarhuset er langt på veg ferdigstilt

Akutthjelpartenesta

Akutthjelpartenesta er framleis den største delen av tenestetilbodet som GMBR rykkjer ut på. I januar hadde me besøk frå Stiftelsen Norsk Luftambulans (SNLA) som gjennomførte opplæring og utsjekk av nytt personell, samt retrening med mannskap som har gjennomført grunnopplæring tidlegare. I dag har me utsjekk på størstedelen av mannskapa og 9 køyretøy som alle har hjartestartar og anna utstyr knytt til akutthjelparoppdrag. Desse er fordelt rundt omkring i distriktet. Når ein berre har ein ambulans i distriktet, er det lett å forstå at det ved dei fleste helseoppdrag er brann- og redningstenesta som fyrst er framme hjå pasienten.

Oppgradering av brannstasjonar i forhold til arbeidstilsynet sine krav.

Det har gjennom ei årrekke pågått eit prosjekt der arbeidstilsynet ser på brann og redningstenesta sine fasilitetar og rutiner knytt til handtering av mannskapa sine fysiske arbeidsforhold. Arbeid i røyk og med ulike kjende eller ukjende kjemikalier, set krav til at me har eit system for sanering av mannskap og materiell når desse har vore eksponert.

Ved Matre og Sandnes stasjonar er det etablert fasilitetar som er innanfor kravet og ved Duesund stasjon har ein etablert eit saneringsanlegg som, i tillegg til brann- og redningstenesta, dekkjer eit generelt behov i kommunen om nokon andre etatar får eit akutt saneringsbehov.

KOMMUNESTYRET I MASFJORDEN 2019 - 2023

Formannskapet 2019 - 2023:

Karstein Totland, ordfører - H
Torill Torsvik Størkersen,
varaordfører - Ap
Erlend Kvamsdal - H
Siri Tangedal Kratzmeier - Krf
Geir Egil Haugsvær - Sp



Høgre:
 Ordfører
 Karstein Totland
 5981 MASFJORDNES
 Tlf. 56 16 62 20
 Mobil 977 33 819

karstein.totland@masfjorden.kommune.no



Arbeidarpartiet:
 Varaordfører
 Torill Torsvik Størkersen
 5986 HOSTELAND
 Mobil 480 33 312

torill.torsvik.storkersen@masfjorden.kommune.no



Høgre:
 Bjarte Andvik
 5981 MASFJORDNES
 Mobil 407 51 071

bjarteandvik@msn.com



Høgre:
 Kariann Ekren
 5981 MASFJORDNES
 Mobil 940 89 748

kariann_ekren@hotmail.com



Høgre:
 Arne Hindenes
 5981 MASFJORDNES
 Mobil 934 38 490

arne.hindenes@hujas.no



Høgre:
 Erlend Kvamsdal
 5986 HOSTELAND
 Mobil 901 09 775

erlekvam@online.no



Høgre:
 Frode Langhelle
 5984 MATREDAL
 Mobil 918 21 297

frode.langhelle@bkk.no



Høgre:
 Atle Nordland
 5981 MASFJORDNES
 Mobil 900 26 582

atle.nordland@hotmail.com



Arbeidarpartiet:
 Hildegunn Bjånes
 5984 MATREDAL
 Mobil 971 76 550

hildegunn.bjanas@masfjorden.kommune.no



Arbeidarpartiet:
 Britt Inger Myhr
 5981 MASFJORDNES
 Mobil 412 91 206

britt.inger.myhr@masfjorden.kommune.no



Arbeidarpartiet:
 Ragnvald Tangedal
 5986 HOSTELAND
 Mobil 915 92 308

ragnvald.tangedal@bakerhughes.com



Senterpartiet:
 Wenche Daa
 5986 HOSTELAND
 Mobil 957 65 375

wenchedaa@yahoo.no



Senterpartiet:
 Laila Furebotn
 5983 HAUGSVÆR
 Mobil 415 03 279

furebotn@hotmail.com



Senterpartiet:
 Geir Egil Haugsvær
 5983 HAUGSVÆR
 Mobil 413 29 183

gehaugsver@gmail.com



Senterpartiet:
 Silje Vågseth Kjetland
 5984 MATREDAL
 Mobil 905 44 667

stsilje@hotmail.com



Framstegspartiet:
 Jostein Kvamme
 Duesund
 5983 HAUGSVÆR
 Mobil 976 63 286

josduesund@gmail.com



Kristeleg folkeparti:
 Siri Tangedal Kratzmeier
 5986 HOSTELAND
 Mobil 466 64 336

siri.kratzmeier@masfjorden.kommune.no



MASFJORDEN KOMMUNE

Austfjordvegen 2724, 5981 MASFJORDNES

TLF. 56 16 62 00

E-post: post@masfjorden.kommune.no

www.masfjorden.kommune.no

Hovudansvarleg for innhaldet i årsmeldinga: Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Utforming: Mary Hope

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rita Ludvigsen	FA-A29	22/178

Saknr	Utval	Type	Dato
044/2022	Formannskapet	PS	29.04.2022
	Kommunestyret	PS	
009/2022	Ungdomsrådet	PS	02.05.2022

Endra frammøtemønster 1.-4.klasse på skulane i Masfjorden

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune endrar frammøtemønster for 1.-4. klasse til 5 dagars skuleveke, gjeldande frå og med skuleåret 2022-2023.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rektorane ved dei tre grunnskulane i Masfjorden kommune tok hausten 2021 initiativ til at frammøtemønsteret for elevane i 1.-4. klasse vert endra til fem dagars skuleveke i staden for fire dagar. Dei ynskjer at dette skal gjelda frå skuleåret 2022/23.

Høyring

Saka har i perioden november 2021 til februar 2022 vore drøfta i skulane sine FAU og SU. I tillegg har Fagforbundet og Utdanningsforbundet sine klubbar på skulane gjeve innspel til forslaget. Elevråda har også fått uttala seg om saka.

Uttale

- Det er stort sett føresette som har barn i 1.-4. klasse som har gjeve innspel i saka til sine respektive FAU. Mange av dei føresette er særst nøgd med fire-dagars skuleveke. Dei gjev uttrykk for at det er godt med ein fridag midt i veka som gjev born og føresette eit fint avbrekk i kvardagen. Nokre peikar på at det er praktisk å ha ein fridag som kan nyttast til legebepøk, tannlegebepøk o.a. Det vert også trekt fram at dagen vert nytta til leik, samvær med familie, lekser og andre aktivitetar. Andre føresette skriv at rektorane sine argument for å endra skuleveka frå 4 dagar til 5 dagar er solide og gode.
- Alle elevråda gjer uttrykk for at dei opplevde onsdagen som ein kjekk fridag/avbrekk i skuleveka. Eit av elevråda lurar på om fire-dagars veka pressar foreldra til å vere heime og om

dette gjer at dei då ikkje kan jobbe 100% stilling.

- Klubbane til fagorganisasjonane (Utdanningsforbundet og Fagforbundet) gjev ulike typar attendemeldingar. Klubbane som er positive til 5-dagars skule peikar på at det vert betre læringsutbytte dersom undervisningstida vert fordelt på 5 dagar, medan ein klubb etterlyser forskning som støttar opp om at 5-dagars skuleveke gjev auka læringsutbytte. Organisasjonane peikar på at ei ny organisering kan vera positivt i samarbeidet med kulturskulen: Ein kan flytte kulturskuletimane til elevane til tidlegare på dag.

Fakta/Vurdering

I 2016 hadde om lag 1 av 4 kommunar i Noreg fire-dagars skule for dei yngste elevane. Dei siste 5 åra har mange kommunar gått vekk frå denne organiseringa. Ei av årsakene til dette er at Stortinget våren 2018 vedtok at kommunane har plikt til å gje intensiv opplæring til elevar på 1.- 4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning(tidleg innsats). Masfjorden kommune er framleis mellom dei kommunane som ikkje har endra organiseringa av skuledagen etter at desse nye lovkrava vart innført. Skulane har ivaretatt lovkravet etter beste evne med dagens organisering. Ei organisering med 5 skuledagar også for dei yngste elevane, vil gjera det lettare å innfri målsetjingane med tiltaket «tidleg innsats».

Det er i 2022 svært få kommunar att som praktiserer fire-dagars veke for elevane. Opplæringslova seier at elevane skal ha 190 dagars skuleår, fordelt på 38 veker, jmf. opplæringslova §2-2. Med den praksisen vi i dag fører, er vi ikkje i tråd med intensjonen i lovverket.

For å kunne organisera, samarbeida og koordinera aktivitetar i skulane er det ei føremon at alle tilsette i skulen er på jobb kvar dag. Den overordna delen av læreplanen føreset at lærarane i stor grad er til stade på skulen og at dei samarbeider om å nå skulen sine mål. Ei ordning kor tilsette er «planlagt» borte frå jobb vil vere ei utfordring både for elevane og dei andre tilsette ved skulen. Ein legg slik opp til ein systematisk deltidskultur – tilrettelagt av kommunen – der særleg kvinner reduserer yrkesinnsatsen. Samstundes er dette noko samfunnet på andre område jobbar med å koma vekk frå. Stabilitet og stor grad av «heildagskultur» blant dei tilsette ved skulen er ein viktig faktor for god skuledrift. Som andre små distriktskommunar opplever Masfjorden tilbakegang i folketalet. Det er viktig å vera attraktive som bu- og arbeidsstad og for nye etableringar av næringsliv. Fem-dagars skuleveke er eit viktig tiltak i kommunane sin kamp om tilflyttarar. Avisa Nationen skriv på leiarplass i juli 2021: «Hvis det offentlige i praksis bestemmer at «her i kommunen jobber minst en forelder 80 prosent og alle har fri på onsdag», er det en reel risiko å bli oppfattet som bakpå, med et lite fremtidsrettet tjenestetilbud for innbyggerne. Det er ikkje gunstig for busetting i Distrikts-Norge.»

Professor Thomas Nordahl som er leiar av senter for praksisretta utdanningsforskning ved Høgskulen Innlandet svarte følgjande på ein førespurnad nye Lindesnes kommune gjorde i samband med saksutgreiinga av 5 dagars veke: «På dette området er det lite relevant forskning å støtte seg på». Han konkluderte likevel med at ein elev på lik linje med ein idrettsutøvar truleg vil ha eit betre utbytte av å fordele «treningsmengda» på fem dagar i veka i staden for fire dagar. Dersom ein samanliknar dette med skulekvardagen, kan ein tenkje seg at det vil vere særns fornuftig å fordele opplæringa, særskilt byrjaropplæringa, over 5 dagar. Det vil sikre god kontinuitet og innarbeiding av gode rutinar i arbeidet. Dette vil sjølvsagt gjelda alle elevar på alle alderssteg, men vil vere spesielt viktig i all byrjaropplæring. Han gjev uttrykk for at dette er ekstra viktig når det gjeld innlæring av grunnleggjande dugleik som lesing, skriving og rekning.

Talet undervisningstimar pr veke er sentralstyrt, og vil ikkje gje auka utgift. Undervisningstida vert strekt ut over 5 dagar, noko som gjev rom for andre aktivitetar, og skulane vil då leggja timeplanen i samsvar med skysstilbod. Leksehjelp for desse trinna har kommunen pr. i dag ikkje. Dette vil vera ei god anledning til å få til eit slikt tilbod for elevane i 1.-4. klasse og. Elevane sin skuledag vil då bestå av undervisning, leksehjelp og evt. SFO. Evt andre tilbod som kan leggest inn. Elevane skal gå på skulen 190 dagar pr. år. Skulane organiserer undervisninga slik det til ei kvar tid er best for elevane.

Konklusjon

Ein del av argumenta frå dei som er skeptisk til å endra frammøtemønsteret er relevante og gode. Dei tre rektorane ved skulane i Masfjorden er likevel samstemte i at dei ynskjer at også dei yngste elevane skal gå på skule 5 dagar i veka. Det er til elevane sitt beste at dei får moglegheit til å komme på skulen dagleg og arbeide med lærestoffet alle fem skuledagane:

- Læring kvar dag gjev høgare og jamnare læringstrykk.
- Betre kontinuitet: For dei fleste yngste elevane vil eit opphald midt i veka kunne opplevast som å «mista tråden» og måtte byrje på nytt to gongar pr. skuleveke.
- Med fem-dagars skuleveke vil den tida som ikkje er undervisningstid kunne fyllast opp med t.d. SFO-tilbod, idrettsskule, leksehjelp og kulturskuletilbod.
- 5-dagars skuleveke vil gje betre læringsvilkår med jamnare fordeling av undervisning og arbeidsbelastning i veka, både for elevar og tilsette.
- 5-dagars skuleveke vil gjera det lettare å leggja basisfaga(norsk, matematikk og engelsk) til første del av dagen. Dette er den beste læringsøkta for dei fleste elevane.
- Jamne økter og drypp kvar dag under rettleiing av lærarar er særleg viktig i lese- og skriveopplæringa.
- Ordninga med ein fridag i veka gjev fire svært komprimerte og krevjande skuledagar for dei yngste elevane.

Me er overtydd om at 5-dagars skuleveke vil gje auka læringsutbytte for elevane og at ei slik endring vil gje betre kvalitet i opplæringa. Rektorane vonar at kommunestyret lyttar til dei og gjer vedtak om at dei yngste elevane også i Masfjorden får gå på skule 5 dagar i veka.

For andre tilsette og arbeidstakarar i Masfjorden ser ein at 4 dagars veke har vore til hinder for nokon å jobba 100% stilling. Det er uheldig både for arbeidsgjevarar og arbeidstakarar.

Med 5 dagars veke legg ein til rette for større kontinuitet og med det satsar ein på større læringsutbytte.